

**Ulvik herad**

# KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDELEN 2009 – 2020



**VEDTATT 17.02.2010**

# INNHALD

Innhald.....	2
Innleiing.....	4
Samandrag.....	5
<b>Ulvik herad vil... Planen si profil.....</b>	<b>6</b>
Planprosess og medverknad.....	7
<b>Ulvik herad ser... Utvikling som utfordrar.....</b>	<b>8</b>
Berekraftig utvikling og klimautfordringar.....	8
Samfunnstryggleik og beredskap.....	10
Helseutfordringar.....	11
Inkluderande samfunn.....	11
Samhandlingsreforma.....	12
Næringsutvikling og arbeidsplassar.....	12
Utfordringar for heradsorganisasjonen.....	12
<b>Ulvik herad må... Rammevilkår for planen.....</b>	<b>14</b>
Lovverk.....	14
Nasjonale føringar.....	15
Regionale planar.....	15
Kommunale planar og føringar.....	16
<b>Ulvik herad ynskjer... Visjon og mål.....</b>	<b>17</b>
Overordna mål.....	18
<b>Ulvik herad skal... Samfunnsutvikling.....</b>	<b>18</b>
Folketalsutvikling.....	19
Flytt til Hardanger.....	19
Busetnadsmønster.....	21
Mål og strategiar – Folketalsutvikling.....	22
Bustadområde og stadutvikling.....	22
Sentrumsutvikling.....	23
Grendeutvikling, forvalting og kommunale tenester.....	24
Mål og strategiar – Bustadområde og stadutvikling.....	24
Born og unge.....	25
Mål og strategiar – Born og unge.....	26
Arbeidsplassar og næringsutvikling.....	27
Mål og strategiar – Arbeidsplassar og næringsutvikling.....	28
Universell utforming.....	29
Mål og strategiar – Universell utforming.....	30

Kultur.....	31
Mål og strategiar – Kultur.....	32
Samferdsle.....	33
Mål og strategiar – Samferdsle.....	35
Forvaltning av høgjellet.....	36
Mål og strategiar – Forvaltning av høgjellet.....	37
Berekraftig utvikling og klimautfordringar.....	38
Mål og strategiar – Berekraftig utvikling og klimautfordringar.....	39
Helseutfordringar.....	40
Mål og strategiar – Helseutfordringar.....	41
Samfunnstryggleik og beredskap.....	42
Mål og strategiar – samfunnstryggleik og beredskap.....	43
<b>Vi gjer... Kommunale tenester.....</b>	<b>44</b>
Barnehage.....	44
Skule.....	45
Mål og strategiar – Oppvekst og læring.....	46
Helse og omsorg.....	47
Mål og strategiar – Pleie og omsorg.....	48
Sosial bistand.....	49
Mål og strategiar – Sosial bistand.....	49
Tekniske tenester.....	50
Mål og strategiar – Tekniske tenester.....	50
Landbruk.....	51
Mål og strategiar – Landbruk.....	52
Brann og redningsteneste.....	53
Mål og strategiar – Brann og redningsteneste.....	53
<b>Organisasjonen vår... Heradet som organisasjon.....</b>	<b>54</b>
Mål og strategiar – Heradet som organisasjon.....	56
<b>Framtida vår... Kommunal planstrategi.....</b>	<b>57</b>
<b>Vår felles arv... Arealforvaltning.....</b>	<b>59</b>
Overordna omsyn.....	59
Framtidige bustadområde.....	60

## INNLEIING

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal fortelja oss korleis vi kan skapa eit godt samfunn, både for oss og dei som kjem etter oss. Det er ein langsiktig plan med brei samfunnsmessig tilnærming, som søkjer å konkretisera politiske mål og visjonar for utviklinga i Ulvik herad. Planen trekkjer opp visjonar og mål for heradet både som samfunn, som myndigheitsorgan og som tenesteytar. Den peiker på behov på ulike samfunnsområde og prøver å seia noko om korleis desse behova kan dekkast. I tillegg skisserer planen strategiar og legg grunnlag for viktige prioriteringar og bruk av verkemiddel.

Planen tek utgangspunkt i nokre av dei viktigaste utfordringane vi står framfor. Folketalet går ned. Nyetablering av arbeidsplassar vert difor eit prioritert område i planen. Busetnadsmonsteret har endra seg mykje dei siste tiåra, og sentraliseringa gjer seg gjeldande både sentralt, regionalt og ikkje minst lokalt. Dette vil truleg påverka bustadpolitikk og arealforvaltning.

Ulvik herad tek miljøtrusselen på alvor. Utarbeidinga av energi- og miljøplan, Miljøfyrtårnordninga, saman med ”Grønt flagg” – ordninga i barnehagen, synleggjer dette.

Aldersfordelinga i befolkninga er i endring. Eldrebølgja kjem for fullt, og heradet ynskjer å leggja til rette for at yngre folk skal flytta til Ulvik.

Ei planmessig og styrt oppgradering av sentrumsområda har vore eit prioritert tema i arbeidet med kommuneplanen. Det er viktig å kunna ferdast trygt og møtast på attraktive møteplassar. Dette vil leggja føringar for sentrumsutviklinga.

Vi som bur i Ulvik, i hjarta av Hardanger, veit å setja pris på dei naturgjevne kvalitetane og dei flotte omgjevnadene. Her har vi eit rikt jord- og hagebruksområde, som er opparbeidd og halde ved like av flittige hender gjennom generasjonar. I tillegg kan vi gle oss over eit fantastisk kulturlandskap og mange moglegheiter for friluftsliv og rekreasjon.

I kommuneplanen sin samfunnsdel seier Ulvik herad noko om korleis vi kan møte utviklinga på ein best mogleg måte. Dette angår oss alle. Det handlar om kvar ein kan byggja, kva for kommunale tenester ein kan få, og korleis heradet kan medverka til ei god samfunnsutvikling.

## SAMANDRAG

Arbeidet med ny kommuneplan for Ulvik herad har vore ein omfattande og utfordrande prosess på mange måtar. Det har vore lagd ned mykje arbeid frå ulike personar i heradsadministrasjonen. Ikkje minst gjeld dette representantar frå fleire lag og organisasjonar i Ulvik. Motivasjonen og målsetjinga for deltakinga har vore eit genuint ynskje om å forvalta Ulvik herad sine naturgjevne kvalitetar. Samstundes ynskjer ein å utvikla bygda og nærområda i nye, innovative retningar.

Samfunnstrukturen er i endring, og som fylgje av dette har Ulvik store utfordringar innan miljø, eldrebølgja, sentralisering og folketalsutvikling. Næringsutvikling og arbeidsplassar er av stor betydning for eit lite samfunn som Ulvik, og har derfor stor innverknad på tilflytting og eventuell fråflytting.

Eldrebølgja har allereie begynt å gjera seg gjeldande i Ulvik, noko som set store krav til forvaltning av tenester innan omsorg. Dette vil krevja store ressursar i tida framover.

Ein annan faktor som og har innverknad på m.a. eldrebølgja, er universell utforming. Å leggja til rette for at hovudløysingar er universelt utforma, vart lovfesta den 01.01.2009. Dette gjev heradet store utfordringar med å utforma uteareal og omgjevnader slik at flest mogleg kan ferdast på ein trygg måte.

Samstundes som den generelle alderssamansetninga er i endring, ynskjer heradet å leggja til rette for tilflytting av yngre menneske. Dette gjev oss utfordringar i å finna funksjonelle møteplassar for alle aldersgrupper, og leggja til rette for bruk av desse. Med forholdsvis lite sentrumsareal, har Ulvik utfordringar med tanke på å oppnå dette.

Det har vore eit ynskje å kunna nytta sentrumsområda på ein trygg og sikker måte for mjuke trafikantar. Dette har fått mykje fokus i arbeidet med planen. Realisering av godkjent gang- og sykkelveg langs Tyssevikvegen til Prestabrekka har vore trekt fram som eksempel på slike tiltak. Eit anna eksempel på eventuelle tiltak er rullering av Trafikksikringsplanen for Ulvik. Denne tar føre seg lokale trafikksikringstiltak som fartsdempande tiltak, parkering, kollektivtransport osv.

Å lytta til og involvera dei unge, er noko Ulvik herad er medviten om. Dei unge er framtida, og det er rett at dei får vera med å ta avgjerder som verkar inn på deira kvardag. Det er eit ynskje at ungdommen både ser og er stolte av bygda sine kvalitetar. På den måten kan det verta naturleg å komma tilbake til Ulvik for å busetja seg etter avslutta utdanning.

Næringsutvikling og arbeidsplassar har vore eit gjennomgåande tema i planarbeidet. Ulvik har store naturgjevne og menneskelege ressursar som har vore med å forma bygda. Dette er ein dynamisk prosess som stadig må utviklast og haldast ved like. Landbruket har vore drivkrafta i lang tid, og vil stadig ha stor betydning for bygda. Ein har likevel valt å satsa på nye produkt og driftsformer. Dette er ei utvikling ein må leggja til rette for lokalt, så vel som regionalt og nasjonalt.

## ULVIK HERAD VIL... PLANEN SIN PROFIL

Det kommunale plansystemet er eit av dei viktigaste styringsverktya heradet har. Gjennom planane vert det fatta politiske vedtak om langsiktige føringar for utvikling og arbeid i heradet. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2009-2020 er utarbeidd i samsvar med intensjonane i den nye plandelen av plan- og bygningslova som tredde i kraft 01.07.2009. Planen syner samfunnsmessige utviklingstrekk og rammevilkår som ligg til grunn for planarbeidet.

Kommunale tenester vert drøfta og presenterte med forslag til langsiktige mål og strategiar. Planen ser på heradet som organisasjon, regionalt samarbeid, og den fremjar forslag til ein kommunal planstrategi. I tillegg vert det nedfelt overordna og langsiktige prinsipp for arealforvaltinga i heradet.

I kommuneplanen vert det fokusert på samfunnsmessige tema som får innverknad på mange område. Det vert frå sentralt hald lagt føringar for kommunane si samfunnsplanlegging. Ein skal planlegga for m.a.:

- Berekraftig utvikling og klimautfordringar
- Befolkningsutvikling og busetnadsmønster
- Utfordringar i helsearbeidet
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Eit inkluderande samfunn

I tillegg til sentrale og regionale føringar, har Ulvik herad peika ut nokre fokusområde som er viktige for Ulvik som lokalsamfunn. Desse fokusområda er:

- Folketalsutvikling – flytt til Hardanger
- Bustadtilgong, fritidsbustader, sentrumsutvikling
- Born og unge
- Næringsutvikling – næringsutvikling innan landbruket og reiselivet
- Universell utforming
- Kultur – friluftsliv
- Samferdsle
- Forvalting av høgfjellsområda

### **Samanheng i plansystemet**

For at kommuneplanen sin samfunnsdel skal verta eit godt overordna styringsverkty, må planar på lågare nivå i plansystemet verta utarbeidd i samsvar med styringssignala i samfunnsdelen.

Det er lagt vekt på å etablera god samanheng mellom overordna målsetjingar, og målsetjingar og strategival som vert presenterte knytt til dei ulike enkelttema.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vera eit langsiktig styringsdokument. Dokumentet skal brukast aktivt i heradet si vidare planlegging, og leggja premissane for prioriteringar innanfor heradet si verksemd.

## PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

Planprogrammet for kommuneplanen vart vedteke av Ulvik heradsstyre den 03.09.2008. Det vart i heradsstyremøtet oppretta 8 arbeidsgrupper som skulle arbeida med dei ulike fokusområda i planen. Arbeidsgruppene vart sett saman av to medlemmer av heradsstyret, relevant kompetanse frå administrasjonen i Ulvik herad samt representantar frå ulike lag og organisasjonar i Ulvik. Lag og organisasjonar som har vore involverte i arbeidet har vore:

- Ulvik bondelag
- Ulvik bonde- og småbrukarlag
- Ulvik Idrottslag
- Ulvik Bustadstifting
- Ulvik Næringssamskipnad
- Råd for funksjonshemma
- Ulvik ungdomsråd
- Ulvik Fjellstyre
- Finse hytteforeining
- Ulvik eldreråd

Forutan ei rekkje arbeidsmøte utover hausten 08 og vinteren 09, har det vore halde folkemøte med tema som næringsutvikling, Flytt til Hardanger, samferdsle – Hardangerbrua og ope møte i samband med villreinforvaltinga i fylkesdelplanen for Hardangervidda.

Ulvik ungdomsråd og arbeidsgruppa som har arbeidd med fokusområdet ”Born og unge” har vore på besøk hjå ungdomsklubbane i Ullensvang for å henta inspirasjon og erfaringar frå ungdomsarbeidet som vert lagd ned der.

Regionalt planforum har vore nytta i arbeidet med planprogrammet og planutkastet.

## ULVIK HERAD SER... UTVIKLING SOM UTFORDRAR

I kommuneplanen for 2009-2020 er det lagt vekt på å gje rom for nye nasjonale føringar - og i større perspektiv - den internasjonale klimatrusselen. Ein ser på samfunnsutviklinga, prøver å seia noko om korleis Ulvik som samfunn vert påverka av dette, og set mål og strategiar som tek omsyn til desse utfordringane.

Trekka ved samfunnsutviklinga som vert drøfta i dette kapitlet, utfordrar heradet til å tenka nytt og framtidretta. For å oppnå den samfunnsutviklinga ein ynskjer, må ein planleggja og handla heilskapleg i forvaltning og tenesteyting.

### **BEREKRAFTIG UTVIKLING OG KLIMAUTFORDRINGAR.**

Gjennom å forvalta lovverket, yta tenester, og utvikla samfunnet skal Ulvik herad prøva å sameina fleire ynskje. Heradet skal verna om natur- og miljøverdiane, men skal og legga til rette for bruk og utnytting av areala. Dette krev at ein tek gode og langsiktige val, og at ein tek omsyn til verdiane som ligg i jordbruksareal, vassdrag, kulturlandskap, biologisk mangfald, fortidsminne og kulturarv. Desse verdiane skal bringast vidare til komande generasjonar.

#### **Globalt og lokalt**

Klimatrusselen er ei global utfordring som krev ein samla innsats frå heile samfunnet. Samstundes er det høve til å påverka utviklinga lokalt. Det handlar om at enkeltmenneske, føretak, organisasjonar og myndigheiter må gå saman for felles tiltak. Høvet til medverknad handlar om å synleggjera at tiltak i nærmiljøa er viktige. Ei haldningsendring må byggja på felles innsats.

#### **Ulvik – ein grøn kommune**


Ulvik herad gjorde i 2009 vedtak om å bli ein Miljøfyrtårnkommune. Dette legg til rette for at heradet sine egne einingar, samt lokale føretak kan sertifiserast som Miljøfyrtårn. Dette er ei nasjonal ordning i regi av Miljøverndepartementet. Ordninga har som hovudmål å fokusera på miljøvinsten ved å vera ei Miljøfyrtårnavdeling eller -føretak.

Ulvik herad har talfesta måla sine i klima- og miljøspørsmål i kommunedelplanen for energi og miljø 2008 - 2013.



### Befolkningsutvikling


Det har dei seinare åra vore ein jamn nedgang i folketalet i Ulvik, og denne tendensen har vore gjeldande for heile hardangerregionen. Ein ser likevel ein førebels stagnasjon i utflyttinga i 2008, og ein liten auke i 2009, og det er viktig å gripa fatt i denne utviklinga. Å setja fokus på dei positive tendensane kan bidra til ei meir optimistisk tenking kring dette. SSB sine framskrivningar legg til grunn ein vidare nedgang i folketalet, men dette er berekningar som er gjort på grunnlag av m.a. tidlegare nedgang, og er ikkje sikre tal.



III: Framskreven folketal frå SSB.

### Eldrebølga

Eldrebølga byrjar å gjera seg gjeldande både lokalt og nasjonalt. Tal for heile landet viser at det i 1950 berre var ca 8 prosent eldre over 67 år, medan det i dag er om lag 13 prosent. Frå 2010 vil prosentdelen auka ytterlegare, til omlag 19 prosent i 2030 og 22 prosent eldre over 67 år i 2050. I motsett ende vil prosentdelen unge under 15 år fortsetja å gå ned, til om lag 17 prosent i 2050. Tal eldre over 67 år vil verta dobla i perioden 2010-2050.



Alderssammansetjing i Ulvik pr. 2009

Kjelde: SSB

Det er ikkje berre lang levealder som er årsak til det aukande talet eldre. Vel så viktig er låge fødselstal. Når eldrebølga enno ikkje har nådd oss for fullt, skuldast det ein kombinasjon av relativ høg fruktbarheit i Noreg, og at innvandrarane er unge.

### Busetnadsmønster

Ulvik har fått erfara at folk har lett for å flytta til ”by’n” i samband med utdanning og arbeid. Internt i heradet har det òg vore ei form for sentralisering.

Gamle buplassar står tomme og det bur mindre folk i grendene. Størsteparten av befolkninga i Ulvik bur sentralt, konsentrert rundt Ulvikpollen. Sentraliseringa utfordrar til refleksjon kring vante oppfatningar om busetnadsmønster. Ein må arbeida med spørsmål knytt til areal for bustadbygging og tilhøvet mellom sentrumsområde og grender.

I tillegg er det nødvendig å sjå nærare på ei rekkje andre tema når framtidig busetnadsmønster skal vurderast; trongen for transport, jordvernstrategi, utbygging av teknisk infrastruktur og andre kommunale tenester.



Den veglause garden Sygnestveit i Osafjorden er i dag fråflytta, men kulturlandskapet vert framleis skjøtta.

Foto: ©Tourist Photo Willy Haraldsen

## **SAMFUNNSTRYGGLIK OG BEREDSKAP**

Ulvik herad vert med jamne mellomrom minna om sine oppgåver i samband med utvikling av beredskapsplanverk og ROS-analysar (risiko- og sårbarheitsanalysar). Heradet har hatt fokus på samfunnstryggleik og beredskap gjennom mange år. Ulvik herad sin planstrategi har mål i høve til samfunnstryggleik og beredskap. Systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid handlar om tiltak for å førebyggja og kunna handtera hendingar og situasjonar som truer liv og helse. Erfaringar frå alvorlege ulykker og katastrofar har vist at samfunnet ikkje har vore godt nok førebudd til å handtera vanskelege situasjonar tilfredstillande.

I tillegg kan medietrykket bli stort når ein krisesituasjon først oppstår. Informasjonshandtering er difor ein viktig del av kriseberedskapen.



Bilete frå raset i Osa den 1.juni 2009

Foto: Margunn Hauso

## HELSEUTFORDRINGAR

I samband med folkehelsa står heradet overfor samansette utfordringar. Manglande fysisk aktivitet, ugunstig kosthald og andre faktorar fører til at mange får livsstilsjukdommar.

Sjølv om utfordringane er mange, er òg utsiktene gode for å kunna oppnå resultat. Ein reknar med at av alle faktorar som påverkar folk si helse, er det berre 10 prosent som helsetenesta har høve til å påverka, medan dei andre 90 prosentane er påverknad frå andre område.

Helsefremjande tiltak som kan føra til at befolkninga sjølv tek større ansvar for eiga helse, kan ha god effekt i eit langsiktig perspektiv.

### Helse i plan

Avgjerder som påverkar folkehelsa vert fatta innanfor mange ulike samfunnssektorar. Ein av hovudmålsetjingane med ”Helse i plan”- satsinga er å forankra folkehelseperspektivet i overordna planar. Dette må gjerast på ein slik måte at alle einingar skal ta omsyn til helsekonsekvensar i planlegginga si. Med eit langsiktig, systematisk og målretta arbeid i norske kommunar, vil det vera mogleg å bidra til å nå nasjonale målsetjingar som ”fleire leveår med god helse”, ”reduerte helseforskjellar i befolkninga” og ”tilgjenge for alle”.

## INKLUDERANDE SAMFUNN

### Ekskludering hemmar utvikling – inkludering fremjar utvikling

Å ha ein meningsfull jobb å gå til, å føla seg inkludert i fritidsaktivitetar og å vera ein del av eit godt sosialt fellesskap, fremjar trivsel og positiv utvikling. Å skapa fora for inkludering på fleire plan er difor ei viktig oppgåve for heradet.

For at born og foreldre skal oppleve å vera inkluderte, må det vera arenaer der dei kan få denne opplevinga. Ulvik har eit mangfaldig tilbod til barn og unge. Utfordringa ligg i å oppretthalda desse tilboda samstundes som ein både vidareutviklar dei og utviklar nye.

Gode og tenlege bustadtilbod til grupper med spesielle behov for oppfølging, har betydning for at dei skal føla seg inkluderte. Med ei auke i tal eldre og uføre er det særskilt viktig å etablere fleire arenaer, som legg til rette for aktiv samfunnsdeltaking for alle.

Ulvik har – som turistkommune – lange tradisjonar med å ta i mot framande. Denne erfaringa er nyttig når Ulvik, som mange andre kommunar, tek imot innbyggjarar frå andre nasjonar. Større openheit kan medverka til å gje eit veksande tal nasjonalitetar eit betre møte med det norske samfunnet og lokalsamfunna.



## SAMHANDLINGSREFORMA

Regjeringa har som mål å redusera kostnadsveksten innan helsesektoren og få ei auka samhandling innan dei ulike delane av helsesektoren. Det er samstundes eit ynskje at kommunane reduserer bruken av sjukehustenester ved å satsa meir på førebygging. Det vert ei stor utfordring for Ulvik herad å rekruttera personale med kompetanse til å utføra desse oppgåvene. Samarbeid på tvers av kommunegrensene vil vera løysinga for mindre kommunar.

## NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPASSAR

Det har gjennom dei siste åra vore satsa på utvikling av næringar knytt til reiseliv og landbruk. Dette er eit bevisst arbeid som har vore forankra i strategisk næringsplan, og er ein dynamisk prosess som vidareførast i takt med utviklinga i dei ulike næringane.

Kulturbasert reiseliv er ein marknad i vekst, og Ulvik med si historie og kultur bør ha store moglegheiter til å utvikle gode tilbod i denne næringa.

Ulvik herad har dei siste åra arbeidd aktivt for realisering av GNIST HARDANGER™ – Hardanger Rehabiliteringssenter AS, men manglande satsing på rehabilitering frå sentralt hald gjorde at prosjektet ikkje kunne realiserast.

Eit variert næringsliv er avhengig av at heradet legg til rette for nyetableringar, samstundes som ein styrker eksisterande føretak og verksemder. Dette gir stabilitet i den lokale arbeidsmarknaden.

## UTFORDRINGAR FOR HERADSORGANISASJONEN

Ulvik herad som organisasjon har ei rekkje utfordringar i det daglege arbeidet. Ein av desse er å rekruttera og oppretthalda rett kompetanse i organisasjonen.

Ein skal og finna rett nivå på heradet sine tenester i eit system som i større og større grad er basert på rettar. Samstundes skal ein leggja til rette for å nytta informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utviklinga av tenestene.



Heradsadministrasjonen og tenestetorget

Foto: Ulvik herad

### Rekruttera og oppretthalda rett kompetanse i organisasjonen

For at heradet skal kunna løysa sine oppgåver på ein best mogleg måte er føresetnaden at organisasjonen har tilsette med rett kompetanse, og at organisasjonen opprettheld og vidareutviklar kompetansen i møte med endringar i samfunnet. Spesielt i periodar med sterk konkurranse om arbeidskrafta, gir dette ekstra utfordringar for kommunane.

### **Velferdssamfunn basert på rettar**

I møte med eit velferdssystem basert på rettar, er det viktig å finna rett nivå på dei tenestene heradet skal yta. Tenestene skal vera av tilstrekkeleg god kvalitet, samstundes som heradet og innbyggjarane må leva med at krav og forventingar ikkje alltid kan verta innfridde med dei ressursrammer som gjeld for tenesteytinga. Det er òg viktig å arbeida for at det er samsvar mellom det heradet yter av tenester og dei forventingar innbyggjarane har til desse tenestene. Eit verkty for å oppnå dette, er gode serviceerklæringar for dei ulike einingane.

### **Informasjon og kommunikasjon**

Ein moderne kommuneorganisasjon treng ein tydeleg og god informasjonsstrategi. Gjennom Internett, lokalpresse, trykt og digital informasjon, og i møte med innbyggjarane skal heradet gje relevant informasjon og leggja til rette for demokratisk medverknad. For heradet inneber dette at organisasjonen treng kompetanse, ressursar og system for å nytta denne arenaen på ein føremålstenleg måte. Den digitale utviklinga har opna for ”døgnoppe forvaltning”, med høve til ei meir effektiv sakshandsaming. Teknologisk vert det stadig utvikla nye måtar for digital samhandling mellom heradet og innbyggjarane.



### **Openheit**

Openheit er ein viktig verdi som har vore i fokus for heradet dei seinare åra. Både innbyggjarar, tenestemottakarar og tilsette er opptekne av at heradet skal praktisera openheit, og lovverket pålegg kommunane plikter i høve til offentlegheit.

### **Økonomi**

Stabil økonomi er ein føresetnad for kvalitet i tenestene heradet yter til innbyggjarane. Driftsresultatet har dei seinare åra vore i samsvar med vedteken målsetjing på eit netto driftsresultat på 3%. Framtidige investeringsbehov krev jamn og god budsjett disiplin. Det betyr at ein må setja av tilstrekkeleg med midlar gjennom dei årlege budsjettprosessane.

# ULVIK HERAD MÅ...RAMMEVILKÅR FOR PLANEN

Heradet sine hovudoppgåver kan delast inn i tre hovudområde:

- **Tenesteproduksjon.** Som tenesteproduzent yter heradet lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester til innbyggjarane.
- **Samfunnsutvikling.** Som samfunnsutviklar skal heradet driva eit allsidig arbeid for å utvikla næringslivet, skapa gode levekår for befolkninga og fremja viktige samfunnsmessige verdiar.
- **Forvaltning** (myndigheitsutøving). Heradet gjev pliktar og rettar innanfor dei rammer og lover som statlege retningslinjer trekkjer opp.


## LOVERK

Gjennom lover, nasjonale retningslinjer og regionale planar legg sentrale myndigheiter føringar for korleis kommunane utfører sine oppgåver og pålegg kommunane å gjennomføra ei langsiktig og føreseieleg planlegging.

### Plan og bygningslova

Plan- og bygningslova er utgangspunktet for den langsiktige kommunale planlegginga. Alle norske kommunar vert pålagde gjennom plan- og bygningslova å *"utføre en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innenfor sine områder"*. I kvar enkelt kommune skal det utarbeidast ein kommuneplan med ein langsiktig del som omfattar: *"mål for utviklinga i kommunen, retningslinjer for sektorens planlegging og en arealdel for forvaltninga av areal og andre naturressurser"*.

Kommuneplanen skal utarbeidast med omsyn til intensjonane i den nye plan- og bygningslova, der plandelen tredde i kraft den 1. juli 2009.



Det kommunale plansystemet

## NASJONALE FØRINGAR

Forskrifter, statlege planretningslinjer (rikspolitiske retningslinjer), rundskriv og rettleiarar gir nasjonale føringar og tilrådingar for kommunal planlegging – nokre viktige vert nemnd her.

### Stortingsmeldingar og andre dokument:

- ✓ Nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
  - Der målet er å stoppe forfallet og tapet av verdifulle kulturminne
- ✓ Nr. 16 (2002-2003) Folkehelsemeldingen
- ✓ Nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
  - føringar for miljøomsyn og bærekraftig forvaltning av arealressursane i planlegginga.
- ✓ Nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
- ✓ Nr. 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen
- ✓ Nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – En veg til høgre livskvalitet
  - Sikring av tiltak i friluftsområde.
  - Stimulerings- og aktivitetstiltak for barn og unge.
- ✓ Nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold
  - Motvirke tap av biologisk mangfald gjennom vern og bærekraftig bruk.
  - Integrere omsynet til biologisk mangfald i forvaltninga.
- ✓ Nr. 28 (1997-1998) Oppfølging HABITAT II
  - Den økonomiske utviklinga må skje i samsvar med naturgrunnlaget.
  - Rammer for gode levekår, helse og trivsel må sikres for byene og tettstadene sin befolkning. Egna bustader for alle.

### RPR – Rikspolitiske retningslinjer og rundskriv

- ✓ Samordnet areal- og transportplanlegging (RPR 1993)
- ✓ Vernede vassdrag (RPR 1994)
- ✓ Tilgjengelighet for alle (rundskriv 1999)
- ✓ Barn og planlegging (rundskriv T-2/08)
- ✓ Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene.(2009)
- ✓ Jordvernbrev av 21.06.2006
- ✓ Rettleiar for PBL og Landbruk Pluss
- ✓ Rettleiar Kjerneområde Landbruk frå LMD
- ✓ Nasjonal transportplan 2010 – 2019 (2009)

## REGIONALE PLANAR

Dei regionale føringane kjem i all hovudsak som følgje av fylkeskommunale planar, fylkesdelplanar og rundskriv. Fylkesplan for Hordaland skal samordna staten, fylkeskommunen og hovudtrekka i kommunane si fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd i fylket. Hovudtema i fylkesplanen 2005-2008 er verdiskaping, og satsingsområda er næringsutvikling, kompetanse, kultur og transport/areal/miljø.

- ✓ Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2006)
- ✓ Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)
- ✓ Fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming (2006)
- ✓ Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010
- ✓ Fylkesvegplan (2006-2015)
- ✓ Fylkesplan for energi (2001-2012)
- ✓ Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2006-2009)
- ✓ Handlingsprogram for folkehelse (2007-2008)
- ✓ Kystsonerplan for Hordaland (2001-2004)
- ✓ Miljøtilstanden i Hordaland (2006)
- ✓ Kampen om areala (2005)
- ✓ Arealstrategi for landbruket (2009)

### **Regionalt utviklingsprogram (RUP)**

Regionalt utviklingsprogram er i hovudsak ei oppfølging av fylkesplanen med vekt på gjennomføring av politiske resultatmål. Regionalt utviklingsprogram skal fungera som eit verkty for utforming av politikk og leggja premissar for regional utvikling.

Regionalt utviklingsprogram 2009 har fem satsingsområde for næringspolitikken i Hordaland:

1. Næringsretta kompetanse – med hovudutfordringane arbeids- og marknadskraft
2. Entreprenørskap og innovasjon – med hovudutfordringane utviklingskraft, marknadskraft og berekraft
3. Internasjonalisering – med hovudutfordringane marknadskraft og arbeidskraft
4. Livskraftige lokalsamfunn – med hovudutfordringane tiltrekningskraft og utviklingskraft
5. Næringar med særlege føremonar – energi, marine og maritime næringar, reiseliv og kulturbaserte næringar

## **KOMMUNALE PLANAR OG FØRINGAR**

Følgjande plandokument og utredningar vert lagt til grunn for den overordna planlegginga i Ulvik:

- ✓ Gjeldane kommuneplan for Ulvik 1999-2009
- ✓ Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Ulvik (2000)
- ✓ Kommunedelplan for pleie og omsorg (2005-2010)
- ✓ Kommunedelplan, Trafikksikring (2003-2012)
- ✓ Kommunedelplan vatn, avløp og miljø (2008)
- ✓ Kommunedelplan energi og miljø (2009–2013)
- ✓ Strategisk næringsplan for Ulvik (2001)
- ✓ Landbruksplan for Ulvik herad
- ✓ Alkoholpolitisk handlingsplan (2004-2008)
- ✓ Beredskapsplan (2007)
- ✓ Plan for sosial og helsemessig beredskap (2003)
- ✓ Smittevernplan (2007)
- ✓ Trafikksikringsplan 2003 -2012
- ✓ Naturtypar i Ulvik (2005)
- ✓ Viltet i Ulvik (2001)



## ULVIK HERAD YNSKJER... VISJON OG MÅL

Kommuneplanen skal synleggjera dei langsiktige linjene for utviklinga av Ulvik herad fram mot år 2020.

Det vart i samband med oppstart av kommuneplanarbeidet 2009 - 2020 arrangert ein visjonsverkstad der medlemmene av heradsstyret og delar av administrasjonen skulle formulera ein visjon for komande planperiode. Etter ein omfattande prosess sat ein igjen med fylgjande visjon for Ulvik herad sin kommuneplan for perioden 2009 – 2020:

**ULVIK HERAD SKAL VERA EIN STAD FOR  
MANGFALD, OPPLEVINGAR  
OG UTVIKLING!**



Heradsstyret og delar av administrasjonen i arbeid med utarbeiging av visjon for Ulvik herad

## OVERORDNA MÅL

Ulvik herad vil arbeida for å stabilisera – og leggja til rette for ein auke i folketalet

Ulvik herad vil føra ein politikk som sikrar ei framtidsretta utvikling, med positiv befolkningsvekst, både i grendene og sentralt i bygda. Heradet skal leggja spesielt vekt på utvikling av gode bustadområde og funksjonelle møteplassar.

Ulvik herad skal, som Miljøfyrtårnkommune, arbeida for ei berekraftig utvikling og leggja til rette for miljøtiltak for befolkninga.

Ulvik herad vil arbeida for trygge oppvekstmiljø som inviterer til aktiv fritid og fremjar god helse og trivsel.

Ulvik herad skal ha barnehage- og skuletilbod av god kvalitet for alle – barnehageplass for dei som ynskjer det og ein skule prega av kultur for læring.

Ulvik herad skal ha eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som fremjar eigenutvikling, fellesskap, trivsel og verdiskaping.

Ulvik herad skal gje menneske med pleie- og omsorgsbehov eit tilpassa og framtidsretta tilbod som bidrar til å styrka den enkelte si evne til eigenomsorg. Tenestetilbodet må vera fleksibelt og robust nok til å møte behova i framtida.

Ulvik herad skal motivera til og leggja til rette for allsidig fysisk aktivitet. Dei skal arbeida målretta for god og likeverdig helse i befolkninga. Prinsippet om tilgjenge for alle i planlegging og tenesteyting, er viktig.

Ulvik herad vil arbeida for å auka sysselsetjinga i planperioden 2009 – 2020. Ein vil redusera ulempa med å pendla til og frå Ulvik herad og ha ein tydeleg næringspolitikk som definerer klare mål og tiltak for ynskt utvikling.

Ulvik herad skal forvalta heradet sine natur- og miljøkvalitetar. I arealforvaltning og bygging av infrastruktur skal ein leggja vekt på å ivareta og utvikla kulturlandskapet og redusera attgroinga.

Ulvik herad skal yta god service og vera ein moderne, effektiv og utviklingsorientert kommune med evne til endring og vilje til utprøving av nye modellar og metodar i takt med skiftande utfordringar.

# ULVIK HERAD SKAL... SAMFUNNSUTVIKLING

## FOLKETALSUTVIKLING

Heradet ikkje kan vedta befolkningsauke, men kan ha innverknad på ei rekkje faktorar som verkar inn på folketalsutviklinga. Nokre av desse faktorane er:

- bustadområde og nærmiljø (bustadpolitikk)
- lokal arbeidsmarknad
- attraktive sentrumsområde (handel, næring og møteplassar)
- kultur og fritidstilbod
- barnehage og skuletilbod
- livskraftige grendemiljø
- bevisst miljøpolitikk
- bevisst skatte- og avgiftspolitik

Nokre viktige faktorar heradet i nokon grad har innverknad på:

- tilflytting som fylgje av bygging av Hardangerbrua
- generelle svingingar i arbeids- og finansmarknaden
- kommunikasjonsnett og transportplanlegging på Vestlandet
- sentralisering på landsbasis, som for Hordaland fylke vil innebera vidare vekst i Bergensområdet.

Når Ulvik herad skal leggja til rette for ei auke i folketalet, vil både bustadpolitikk og kommunale tenester vera viktige verkemiddel, saman med situasjonen i arbeidsmarknaden.

## FLYTT TIL HARDANGER

Det har dei siste åra vore gjort eit omfattande arbeid i "Flytt til Hardanger" når det gjeld utfordringane knytt til tilflytting til Ulvik og distriktet elles. Eit av tiltaka det vart arbeidd med er det såkalla "placement-prosjektet", der det vert tilrettelagt for tilflyttarar frå Nederland, Tyskland og Belgia.



Eit av slagorda for "Flytt til Hardanger" sin siste kampanje.

Eit anna prosjekt som har gått meir eller mindre parallelt er "Kvammalokk", der Kvam herad har lagt til rette for tilflytting av kunstnarar og brukskunstnarar til heradet. Dette prosjektet har vore såpass vellukka at det vart utvida til "Hardangerlokk", der målområdet vart utvida frå Kvam til å gjelda heile Hardangerregionen.

Parallelt med arbeidet med å få tilflyttarar frå utlandet, vart det òg jobba med å få folk som har, eller har hatt, tilknytning til Ulvik og regionen, til å flytta "heim att". Blant denne gruppa er og tilgangen på varierte arbeidsplassar og høveleg bustad dei store utfordringane. Denne gruppa kjenner distriktet, og har sjeldan behov for ein utleige- eller "prøve"-bustad. Dei vil ha høve til å kjøpa, eventuelt byggja ny bustad i attraktive område.

Sjølv om "Flytt til Hardanger" var eit tidsavgrensa prosjekt, reknar ein med at erfaringane frå prosjektet kan nyttast i tida framover.

I arbeidet som vert lagt ned med tanke på tilflyttarar må ein vera merksam på utfordringane dette gjev. Det er viktig at det ikkje vert oppfatta som om "prioriterte" tilflyttarar vert forfordelte framfor andre tilflyttarar eller fastbuande i Ulvik.

Det er gjort ei rekkje undersøkingar på kva som må til for at folk skal flytta til distrikta, og kva som må til for at dei som allereie bur i distriktet skal bli buande. Dessverre er dette ofte to ulike tilnærmingar. For at folk skal flytta frå sentrale strom til distrikta, må ein ofte finna løysingar på "problem" som arbeid, bustad, skule, organisasjonsliv osv.

For å hindra at folk som allereie er busett i Ulvik flyttar, er ofte problemstillingane annleis. Dei fleste har høveleg arbeid og bustad, og er ein del av Ulvik-samfunnet. For desse er det viktig at ein trivst med arbeidssituasjonen, at ein bur der ein vil, at ein har det sosiale livet ein ynskjer og at det finst attraktive møteplassar i bygda.

Det er i skrivande stund 18 byggjeklare tomter tilgjengelege i Ulvik. Det er samstundes eit visst tal husvære til leige. "Flytt til Hardanger" har i løpet av 2008/09 gjennomført ei kartlegging av bustadmarknaden i Ulvik. Denne kartlegginga er viktig med omsyn til tilflyttarane sine valmoglegheiter.

Ulvik herad gjorde i mars 2009 vedtak om etablering av låne- og tilskotsordning for huseigarar som er villige til å leiga ut ledige bustader, men som føler behov for å setja bustaden i stand før utleige. Ved å leiga ut bustaden i ein periode på fem år, kan eigar få lån/tilskot frå heradet til oppussing/istandsetjing av bustaden. Beløpet er avgrensa til kr.150 000.- Målsetjinga med denne ordninga er å frigjera bustader som kan leigast ut til innflyttarar dei fyrste åra, før dei forhåpentlegvis vel å byggja sin eiga bustad.

Ved å gjera ungdommen merksam på regionen sine kvalitetar og moglegheiter, håper ein at vegen tilbake etter avslutta utdanning vert kortare.

Tidene endrar seg når det gjeld arbeidsmarknad og økonomi, noko som medfører at folk sine prioriteringar endrar seg. At ein i oppgangstider søker til område der aktiviteten er høg, gjer fallhøgda større når aktivitetsnivået minkar. Det er samstundes ei kjensgjerning at menneske med høgare utdanning trekkjer mot dei store byane der fagmiljøet er størst, og at denne gruppa er den som vert minst råka av konjunkturedgang. At ein del av tilflyttarane til distriktet har gjort eit val basert på livsstil, og ikkje nødvendigvis med tanke på ein vidare karriere, visar at menneske med høg utdanning vel dei kvalitetane Ulvik/Hardanger har å tilby, framfor eit utfordrande fagmiljø i jobben.

I arbeidet med kommuneplanen har det vore eit gjennomgåande tema i ulike arbeidsgrupper at ein initierer eit prosjekt som går på stadutvikling. Dette er ei systematisering av kunnskap for å forstå korleis ein stad har utvikla seg over tid, og for å kunna kartleggja særtrekk og spesielle kvalitetar på staden. Eit slikt tettstadutviklingsprosjekt kan gje grunnlag for den framtidige utviklinga i Ulvik.

## BUSETNADSMØNSTER

Størstparten av befolkninga i Ulvik er busett i det som definerast som tettbygd strok, konsentrert kring Ulvikpollen. Sentralt i Ulvik er grendene Osa og Hallanger dei største med fast busetnad. Sjølv om dette er levande grender, har det vore ei form for sentralisering.



Størstparten av busetnaden er konsentrert kring Ulvikpollen

Foto: S. Ulvund

Sjølv om det er mange ulike faktorar som avgjer folk sine flytteval, viser flyttestraumane på landsbasis at det er grunnlag for å tru at både arbeidsmarknad og stadar med urbane kvalitetar er meir attraktive enn område med meir spreidd busetnad.

Høvet til å busetja seg i område med spreidd busetnad, er ein kvalitet som vert verdsett høgt av mange. Eit fortetta busetnadsmønster kring Ulvikpollen må ikkje sjåast som motsetnad til utvikling i grendene. Ulvik herad bør framleis leggja til rette for spreidd bustadbygging i den grad dette samsvarer med nasjonale føringar og kommunale målsetjingar.

Sentraliseringa dreg folk mot dei store byane, både nasjonalt og internasjonalt. Ein av verknadene av det er at trengselen vert større. Eit stadig større tal menneske skal ha dei same tilboda på eit mindre område. Dette kan igjen føra til auka ”trengsel”, og for nokon, eit ynskje om å busetja seg i meir landlege omgjevnader. Frisk luft, god plass og trygge oppvekstvilkår vert stadig viktigare for ein større del av befolkninga. Ulvik bør arbeida for å verta eit alternativ for denne gruppa.

Meir konsentrerte og tettare bustadområde bryt til ein viss grad med tidlegare måtar å byggja på. Det må likevel takast i betraktning moment som legg framtidige føringar for val av utbyggingsområde. Dette gjeld mellom anna tilhøvet mellom transport og miljø, samt born og unge sine moglegheiter for eit aktivt og sikkert nærmiljø. Det handlar også om tilgjenge til handels- og servicefunksjonar, og omsynet til rasjonelle og effektive kommunale tenester.

## **MÅL OG STRATEGIAR - FOLKETALSUTVIKLING**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ arbeida for ein auke i folketalet i planperioden
- ✓ sjå målsetjinga om auke i folketalet i samanheng med mål og strategiar på andre område, slik at desse kan byggja opp under vekstmålet
- ✓ ha ei variert befolkningssamansetning og vera ein attraktiv kommune å flytta til
- ✓ gjennomføra ei langsiktig, strukturert og planmessig førebuing for å møte "eldrebølgja"
- ✓ leggja tilrette for å vidareutvikla levande grender med gode bustadmiljø og nødvendige kommunale tenestetilbod

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ la befolkningsutviklinga vera førande og dimensjonerande for plan- og utviklingsarbeidet i Ulvik herad
- ✓ som tenesteytar ha som mål å leggja til rette for at heradet skal vera ein attraktiv bu- og tilflyttingskommune
- ✓ til ei kvar tid ha ledig bustadareal
- ✓ leggja tilrette for etablering av nye møteplassar
- ✓ utvikla framtidretta og effektive omsorgstilbod knytt både til sentrale delar av bygda, og til grendene.

## **BUSTADOMRÅDE OG STADUTVIKLING**

Dersom målet om auka vekst skal verta realisert, må det verta følgd opp av praktisk politikk og verkemiddel som byggjer opp under målet for vekst. Bustadpolitikk er eit av dei viktige verkemidla. God plass og ein storslått natur har vist seg å ikkje vera nok til å nå måla om ein auke i folketalet. For å nå dette målet, må heradet aktivt leggja til rette for å få større tilflytting enn tilfellet er i dag. Det er viktig at vi som allereie bur og arbeider i Ulvik, profilerer bygda på ein positiv og imøtekommande måte.

Det må vera eit mål for Ulvik herad å leggja til rette for å utvikla nye attraktive bustadområde og varierte bustadtilbod med enkel tilgang til handel- og servicetilbod, kulturtilbod, kommunale tenestetilbod, kollektivtransport og friluftsområde. For at Ulvik herad skal nå målet om auke i folketalet, må det vera nok tilgjengelege bustadtomter, og dette må vera tomter heradet har råderett over. Det er difor eit mål at Ulvik herad til ei kvar tid har fleire kommunalt eigde tomter for sal.

Når det gjeld bustadpolitiske spørsmål, er det viktig at heradet vektlegg kva innverknad plassering av bustadområde kan få på miljøet. Viktige moment er å vurdera mellom anna transportbehov og høve til bruk av alternative energiløysingar.

Ved planlegging av nye bustadområde og fortetting av eksisterande område, skal heradet leggja vekt på at bustadområda vert utvikla slik at dei kan fremja aktivitet, helse og trivsel. Viktige moment i denne samanheng er gang- og sykkelveg, friluft- og rekreasjonsområde, område for leik, universell utforming og generell tryggleik for born, unge og eldre. Heradet må leggja opp til at det i framtidig bustadbygging blir variasjon med omsyn til tomtestørrelse, bustader og kostnader. Dei som ynskjer å busetja seg i heradet, bør finna tilbod som er tilpassa ulike ynskje og behov. Saman med Husbanken sine verkemiddel, vil dette vera særskilt viktig for unge menneske i etableringsfasen.

## SENTRUMSUTVIKLING

Asplan-Viak gjennomførte på 1990-talet, på oppdrag for Ulvik herad, ein tettstadanalyse for Brakanesområdet som fekk tittelen "Brakanes – frå hamnehage til bygdesentrum". Målsetjinga var å formulera rammer for vidare utvikling av sentrumsområda i Ulvik. Arbeidet resulterte i ein tiltaksrapport der ulike løysingar for oppgradering av sentrumsområda, vart presenterte. Nokre av tiltaka er gjennomførte, men det står framleis store utfordringar att.

Det har på den andre sida vore ein jamn aktivitet både frå private og frå heradet i åra som har gått sidan arbeidet med tettstadprosjektet. Almenningen, elvebreidda/busstopp, Tyssevika og opprusting av det gamle heradshuset har vore tiltak som har kravd store kommunale ressursar.

Det har i arbeidsprosessen vore eit klart ynskje frå dei involverte gruppene å halda fram arbeidet med utvikling av sentrumsområda. Tilgjenge og trygge gangveggar har vore eit gjennomgåande tema. Det har frå mange hald vore eit krav at Ulvik herad realiserer den frå før regulerte gangvegen langs Tysseviksvegen og inn til Prestabrekka. Det bør vurderast kva moglegheiter ein har for å etablere gang- og sykkelveg vidare frå Prestabrekka og innover til Holmen. Det må vera eit overordna, langsiktig mål for Ulvik herad å få ein trygg gang- og sykkelveg frå sentrum til Hjeltnes.

Ulvik herad vil føra ein bustadpolitikk som legg opp til høg utnytting av bustadareal, og fortetting i eksisterande bustadområde i og rundt Brakanesområdet. Ein kombinasjon av leilegheitsbygg og næringsbygg i dette området kan vera eit alternativ.



**Tettstadutviklingsprosjektet "Brakanes - frå hamnehage til bygdesentrum"**

## GRENDEUTVIKLING, FORVALTING OG KOMMUNALE TENESTER

For Ulvik herad er det viktig at innbyggjarane kan velja mellom å bu sentralt i bygda eller bu i grendene. Heradet vil difor halda fram med å byggja vidare på dei ulike kvalitetane i grendene, samstundes som det vert lagt til rette for ei sterkare sentrumsutvikling. Dette representerer eit "både og" som er i samsvar med nasjonale og regionale føringar.

Forsterka jordvern gjer at det vil verta vanskelegare å få omdisponert dyrka mark til spreidd bustadbygging og frådelling av tomter i åra som kjem. Dette gjeld spesielt utanfor utbyggingsområda. Dette er nødvendigvis ikkje eit hinder for vidare utvikling i grendene, men signaliserer at bustadutviklinga må konsentrerast i avsette utbyggingsområde eller tett opptil.

Med tanke på framtidige utfordringar innafor pleie- og omsorgstenestene, vil det verta nødvendig å vurdere tiltak for å effektivisera og rasjonalisera drifta. Mellom anna vil pleie- og omsorgstenestene leggja opp til samlokalisering av kommunale bustadtilbod kring tenestebasane. Dette kan få innverknad på korleis heradet organiserer tenestetilbodet i grendene.

### MÅL OG STRATEGIAR BUSTADOMRÅDE OG STADUTVIKLING.

#### **MÅL – VI VIL:**

- ✓ at Ulvik skal vera ein stad der menneska trivst og ynskjer å bu
- ✓ at Ulvik skal vera ein freistande stad for tilflyttarar
- ✓ at Ulvik har eit attraktivt sentrumsområde med møteplassar for heile befolkninga
- ✓ at Ulvik skal vera eit trygt, sikkert og inkluderande samfunn
- ✓ leggja til rette for medverknad og ansvar i utviklinga av bygda
- ✓ leggja til rette for auka fellesskapskjensle og engasjement i befolkninga
- ✓ leggja til rette for levande grender og grendemiljø
- ✓ ha ein godt gjennomarbeidd og oppdatert arealplan

#### **STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:**

- ✓ til ei kvar tid ha ledig bustadareal
- ✓ ha ei positiv og imøtekommande haldning
- ✓ utvikla attraktive møteplassar for befolkninga
- ✓ utvikla og stø opp om grendene og grendemiljøa
- ✓ ha fokus på eit trygt og sikkert nærmiljø
- ✓ invitera innbyggjarane til medverknad i kommunale plan- og avgjerdsprosessar
- ✓ utarbeida ny tettstadsanalyse og gatebruksplan.
- ✓ stø opp om initiativ som fremjar Ulvik på ein positiv måte
- ✓ halda fram samarbeidet med Ulvik bustadstifting
- ✓ utarbeida ny, oppdatert arealdel til kommuneplanen
- ✓ oppmoda alle innbyggjarane om å snakka positivt kring Ulvik herad sine kvalitetar i møte med nye menneske



## BORN OG UNGE

Det fysiske miljøet i nærområdet der born og unge veks opp, er i dei fleste tilfelle avgjerande for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Dette inneber oppvekstmiljø med møtestader, moglegheit for leik og aktivitetsfremjande omgjevnader.

Ulvik har eitt breitt tilbod til born og unge innan organisert idrett i regi av Ulvik Idrottslag. Ulvik har dessutan fleire organiserte fritidstilbod som t.d. kulturskule, 4H, bogeskyttarlag og basseng-/symje tilbod ved Brakanes skule.

Skulen er ein stor del av dei unge sin kvardag, der det vert jobba med ulike former for aktivitetar, både i skuletida og på fritida. Det er på skulen sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på nye aktivitetstilbod knytt til skulen. Ei opprusting av leikeareala på skulen vil fungera som eit tilbod sentralt i bygda på fritida.

Når det gjeld vintersport, er det høve til å utvikla områda på og rundt Drevtjørn. Å bruka ein større del av området til ski- og brettleik, kan bidra til eit løft av området som ikkje er for omfattande m.o.t. areal- og ressursbruk.

Idretts- og badeanlegget i Holmen er eit viktig og populært tilbod i sumarhalvåret. Dette området med si sentrale plassering, har stort potensial for vidare utvikling, utan at det nødvendigvis vert for omfattande og kostbart. Store delar av bygda brukar områda i Holmen, og ei opprusting av området er påkravd. Ikkje minst med tanke på tilgjenge for alle.

Det har dei siste åra vore eit ynskje frå dei unge å få tilsett ein ungdomsarbeidar/-kontakt, og å ha ein ”stad å vera”. Arbeidsgruppa som har jobba med born og unge i kommuneplanprosessen vart i februar 2009 inviterte til Ullensvang for å sjå på korleis dei hadde organisert seg. Ullensvang herad har to ungdomsklubbar med kvart sitt sjølvstendige styre, men har tilsett ein ungdomskontakt som har det overordna ansvaret, og som legg til rette for at ungdommane skal kunna ”styra seg sjølve”.

Ulvik vart i mai 2008 innlemma i ordninga ”Trygt heim” i regi av ”Skyss”/ Hordaland Fylkeskommune. Dette er ei ordning som går ut på at det vert oppretta ein bussavgang frå Voss til Ulvik på nattetid i helgane. Dei unge har såleis høve til å komma seg trygt og sikkert heim etter ein kveld på Voss. Samstundes vert faren for uønska hendingar, i samband med unge og bilkøyning, redusert.

### Ulvik ungdomsråd

Ulvik heradsstyre gjorde sumaren 2009 vedtak om å oppnemna Ulvik ungdomsråd. Ungdomsrådet skal representera born og unge i saker som engasjerer dei unge. Det vert lagt opp til eit samarbeid med relevant kompetanse i administrasjonen i samband med uttalar, innspel og liknande.

Hovudsatsingsområda for born og unge i heradet i planperioden er **identitet, familie og fritid**.

## MÅL OG STRATEGIAR – BORN OG UNGE

### *MÅL – VI VIL:*

- ✓ Gje dei unge eit godt oppvekstmiljø basert på grunnleggjande verdiar i lokalsamfunnet, og sikra eit godt barnehagetilbod til alle som ynskjer det.
- ✓ Gje ungdom eit godt oppvekstmiljø, gjennom å sikra eit godt skuletilbod, allsidige aktivitetstilbod og gode moglegheiter for utvikling.
- ✓ Gje dei unge kjensle av å høyra heime og oppmuntra dei til å identifisera seg med livet i Ulvik.
- ✓ Gje dei unge og deira representantar ein sentral plass i demokratiske prosessar.
- ✓ At det skal vera kjekt å vera ung i Ulvik.

### *STRATEGIAR – FOR Å NÅ DESSE MÅLA SKAL VI:*

- ✓ Til ei kvar tid ha kvalifisert personell i ein barnehage som legg vekt på trivsel og utvikling for alle.
- ✓ Til ei kvar tid ha kvalifisert personell i ein skule som legg vekt på den enkelte si utvikling.
- ✓ Tilsetjing av ungdomskontakt-/arbeidar.
- ✓ Til ei kvar tid leggja til rette for eit aktivt organisasjonsliv i Ulvik.
- ✓ Til ei kvar tid ta omsyn til born og unge sine interesser i planlegginga.
- ✓ Til ei kvar tid gjera dei unge medvitne om si eiga utvikling.



Ulvik ungdomsråd 2009/10

## **ARBEIDSPASSAR OG NÆRINGSUTVIKLING**

Det er eit mål for Ulvik herad å vera med å utvikla eit robust og framtidretta næringsliv som kan gje grunnlag for ønskt befolkningsvekst, attraktive bustadområde og framtidige inntekter for heradet. For å nå dette målet er det viktig at Ulvik herad vert oppretthalden som kommune, arbeidsgjevar og arbeidsplass. Ei eventuell kommunesamanslåing vil truleg føra til eit sentralt kommunesenter, med fare for utflytting av arbeidsplassar og viktig kompetanse til naboregionane. Uansett framtidig kommunestruktur, er det lite som talar for at Ulvik vil verta kommunesenter.

Ulvik har som målsetjing å vera ein open og utviklingsretta kommune. Samstundes har vi mange tradisjonelle verdiar å forvalta: Natur- og kulturlandskapsverdiar, sosiale verdiar i vitale grende- og bygdemiljø, kultur og fritidsverdiar, verdiar i nærings- og reiselivstilbod med meir. Vekst og utvikling for næringslivet må difor skje i eit balansert samspel med trongen for å ta vare på viktige verdiar som heradet forvaltar.

### **Arbeidsplassdekning**

Ulvik herad er den største arbeidsplassen i heradet med sine om lag 125 årsverk fordelte på om lag 180 tilsette. Ulvik har framleis fleire som reiser ut av heradet for å arbeida, enn folk som kjem inn til heradet for å arbeida. Pendlinga skjer til ei rekkje jobbar innan fleire fagfelt, utan at noko spesifikt fagfelt skil seg ut.

### **Næringsutvikling**

Med ynskje om auke i folketalet og ei betre arbeidsplassdekning, må det leggjast til rette for å etablere nye og fleire arbeidsplassar. Ulvik herad vil difor driva eit allsidig og målretta arbeid for å stimulera til positiv næringsutvikling i heradet. Dette inneber ei meir aktiv rolle frå heradet si side enn det som har vore tilfellet tidlegare. Døme på dette er Ulvik herad sitt engasjement for etablering av GNIST HARDANGER<sup>TM</sup>–Hardanger rehabiliteringssenter AS, og stillinga som bygde- og næringsutviklar som vart oppretta i 2009. Bygde- og næringsutviklarstillinga er ei treårig prosjektstilling. Stillinga har som hovudoppgåve å yta bistand til næringslivet og leggja til rette for nyskaping innan reiseliv og kulturbasert næring. Ulvik herad satsar på eit tettare samarbeid med etablert næringsliv og engasjerte innbyggjarar. Dette skal bidra til å utvikla strategiar og arenaer som resulterer i framtidig næringsutvikling i heradet.

Det er oppretta ein næringspolitisk komité som saman med bygde- og næringsutviklar skal vurdera utarbeiding av ny næringsplan for Ulvik herad. Ein slik plan skal fungera som ein overordna, langsiktig strategi for eksisterande og framtidig næringsliv i heradet, og gje eit betre grunnlag for ei meir aktiv satsing frå heradet i næringsutviklingsarbeidet.

Reiselivsnæringa er ei næring som raskt må tilpassa seg ein vekslende marknad. Ulvik har med si lokalisering vore eit populært reisemål for store grupper av turistar og tilreisande. Dei seinare åra har utviklinga gått meir i retning av "egoturisme", der dei tilreisande kjem enkeltvis eller i mindre grupper. Desse gruppene etterspør ofte dei same tilboda som større grupper får. Samstundes er reiselivet meir retta mot opplevingar for den enkelte turist, noko som set krav til aktivitetstilboda.

Landbruket har lange og gode tradisjonar i Ulvik, og har opp gjennom tidene vore grunnsteinen i næringslivet i bygda. Denne tradisjonen har vore ein vesentleg faktor når det gjeld å forma naturen, bygda og omgjevnadene. Landbruket er framleis ein særskild viktig faktor

når det gjeld næringsutvikling, og har gjennom tidene vist tilpassing til ein vekslende marknad. Det er eit mål å utvikla landbruket vidare. I samarbeid med lokal og regional kompetanse, vil Ulvik herad leggja til rette for ei vidare utvikling av landbruksnæringane.

### **Ulvik landskapspark**

Ulvik herad starta i 2009 opp arbeidet med å få etablert landskapsparkområde i Ulvik. Dette arbeidet vil vera med å leggja grunnlaget for nyetableringar knytt til landbruk, kulturlandskap og reiseliv. Landskapet skal hjelpa aktørane i prosjektet med mellom anna å vidareutvikla Ulvik og Osa som attraktive reisemål i Hardanger.

### **Etablering av næringsverksemd**

Ulvik herad må leggja vekt på å møta spørsmål om næringsetableringar på ein positiv, stimulerande og effektiv måte innafor gjeldande rammer for arealforvalting og kommunale planar.

Ulvik herad vil i planperioden sørgja for å erverva areal for å kunna tilby nærings- og industriareal. Samstundes må heradet samarbeida med eksisterande næringsliv for å leggja til rette for utbygging av nytt næringsareal.

Med utviklinga innan IKT og effektive løysingar for frakt og transport, er det mange typar næringsverksemd som heilt eller delvis kan drivast uavhengig av geografisk lokalisering. Med tanke på heradet si plassering i fylket og ynskje om levande bygder og grendemiljø, skal heradet vera positiv til å leggja til rette for næringsutvikling innanfor gjeldande rammer for forvalting og kommunale planar.

## **MÅL OG STRATEGIAR**

### **ARBEIDSPlassAR OG NÆRINGSUTVIKLING**

#### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ oppretthalda og styrkja eksisterande næringsliv
- ✓ leggja til rette for nyetablering av føretak og arbeidsplassar
- ✓ vidareutvikla Ulvik som eit grønt reisemål
- ✓ nytta dei naturgjevne verdiane Ulvik har i næringsutviklinga
- ✓ leggja til rette for heilårsarbeidsplassar og vidareutvikling av nye produkt i reiselivsnæringa
- ✓ vidareutvikla kultur- og naturbasert reiseliv
- ✓ I størst mogleg grad nytta lokale tenesteleverandørar
- ✓ leggje til rette for eit sterkt landbruk, der flest mogleg bruk vert oppretthaldne og vidareutvikla

#### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ vidareføra og utvikla stillinga som bygde- og næringsutviklar
- ✓ vera ein støttespelar for eksisterande og nytt næringsliv
- ✓ vidareføra, utvikla og ha ei god forvalting av næringsfondet
- ✓ etablera og utvikla rehabiliteringssenteret GNIST HARDANGER™
- ✓ etablera og utvikla Ulvik landskapspark
- ✓ til ei kvar tid ha ledig kommunalt areal for næringsetablering
- ✓ leggja til rette for eit breiast mogleg spekter av serviceorganisasjonar

## UNIVERSELL UTFORMING

### Universell utforming – bra for alle - nødvendig for somme

Regjeringa innførte den 01.01.2009 ei ny diskriminerings- og tilgjengleghetslov som forbyr diskriminering av menneske med nedsett funksjonsevne (Ot.prp.44 2007-2008). Som eit resultat av dette vert det innført eit diskrimineringsvern knytt til manglande tilgjenge i bygg og nærrområde.

*”Med universell utforming meinast utforming eller tilrettelegging av hovudløysingar i dei fysiske forholda slik at verksemda sine alminnelege funksjonar kan nyttast av flest mogleg, og at utforming av produkt og omgjevnader vert gjort på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor grad som mogleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming”*



Ulvik herad har som dei fleste kommunar store utfordringar på dette området, både når det gjeld tilgjenge til ulike bygg, anlegg og uteområde. Likevel er universell utforming dei seinare åra lagt til grunn i ei rekkje tiltak som er gjennomførte i Ulvik. Ein kan nemna; hamneanlegget i Tyssevika, fortau/gang- sykkelveg frå Bruflaten til Vombevika, nytt ventilasjonsanlegg på Brakanes skule m.a. Ein ser likevel at det bør gjerast ein prioritert gjennomgang av ulike prosjekt i Ulvik, slik at ein får ein planmessig og prioritert framdrift i arbeidet med å gjera Ulvik betre å ferdast i for alle.

Det er gjennomført berekningar som syner at universell utforming av *nybygg og anlegg* ikkje medfører nemneverdig kostnadsauke, men det føreset at universell utforming er innarbeidd i ein tidleg fase av prosjekteringa.

## INKLUDERANDE SAMFUNN

I kommuneplanen vert det definert nokre område Ulvik herad skal satsa på for å nå målsetjinga om å vera eit inkluderande og ope samfunn.

### Kultur og fritidsaktivitetar

Kultur og fritidsaktivitetar er gode område for å fremja inkludering, trivsel og meistring, og for å motverka kjensla av å vera utanfor. I heradet sine egne aktivitetar skal det leggest vekt på å leggja til rette for inkludering. Heradet skal òg stimulera frivillige organisasjonar til eit særleg fokus på inkludering.

### Innflyttarar

Frå fagmiljø vert det peika på at opplevinga av å verta godt motteken har stor innverknad på om tilflyttarane vel å bli buande ein stad over tid. I tillegg til kvantitative statistiske analysar av flyttevanar, vert det òg gjort kvalitative intervju-undersøkingar for å høyra kva for omdømme ein stad har. Eit godt omdømme har stor innverknad på val av buplass når menneske vurderer å flytta. Det handlar i mange tilfelle om samfunnet sin evne til å inkludera nye innbyggjarar.

### Arbeidsliv

Det å ha eit arbeidstilbod, og ikkje minst eit arbeidsmiljø, er av stor betydning for menneske som av ulike grunnar fell utanfor den ordinære arbeidsmarknaden. Ulvik herad skal saman med NAV og eventuelt andre aktørar vurderer behovet for vidareføring av ordningar med tanke på inkludering av arbeidstakarar. Dette kan vera arbeidstakarar som har behov for noko tilrettelegging for å ta del i den ordinære arbeidsmarknaden.

## MÅL OG STRATEGIAR

### UNIVERSELL UTFORMING OG INKLUDERANDE SAMFUNN

#### **MÅL – VI VIL:**

- ✓ Ulvik skal vera eit inkluderande samfunn.
- ✓ Ulvik skal leggja til rette for deltaking for alle.
- ✓ Ulvik skal vera ein trygg stad å ferdast i for alle.
- ✓ Ulvik herad sin visjon om eit samfunn basert på mangfald, opplevingar og utvikling skal vera fundamentet for universell utforming i Ulvik.
- ✓ Ulvik herad sine ulike einingar har ansvaret for *heile* befolkninga innanfor sin sektor.
- ✓ Ulvik herad skal leggja universell utforming til grunn i alle tiltak som rettar seg mot ålmenta.

#### **STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:**

- ✓ gjera alle kommunale bygg universelt utforma innan utgangen av planperioden.
- ✓ gjera alle fritidsanlegg, så langt som mogleg, universelt utforma
- ✓ etablera universelt utforma gang- og sykkelveg frå Ulvik hotell til Prestabrekko.
- ✓ leggja universell utforming til grunn i byggjesakshandsaming og trafikksikringstiltak.
- ✓ leggja til rette for universell utforming i samband med arrangement i regi av Ulvik herad, og stimulera andre arrangørar til å gjera det same.
- ✓ fullstendig universell utforming av Brakanes skule i løpet av planperioden.

## **KULTUR**

### **Kino**

Kinoen er tidvis eit populært tilbod til innbyggerane i Ulvik. Naturlege svvingingar i besøkstala heng ofte saman med dei ulike årstidene, men at kinoen har eit forbedringspotensial er utvilsamt. Det vart difor fatta vedtak om å delta i ordninga med digitalisering av norske kinoar. Ein digitalisert kino byr på mange moglegheiter ein ikkje har i dag.

### **Bibliotek**

Biblioteket er ein kulturell møteplass for innbyggjarar i alle aldrar. Her ser ein at både unge og gamle veit å nytta tilboda. Forutan utlån av bøker og video/dvd, har ein og moglegheit for å nytta datamaskiner for m.a. nettsurfing og spel. Med biblioteket som møteplass, kan ein auka interessa for litteratur og film. Det vert lagt til grunn at det i planperioden vil vera ei rivande utvikling innan formidling og multimedia, og biblioteket som kulturformidlar bør ta del i utviklinga.

### **Olav H. Hauge – senteret**

Etablering av det gamle heradshuset til eit dokumentasjonssenter for Olav H. Hauge sin forfatterskap, har vore ein omfattande prosess. Resultatet er likevel av stor verdi for Ulvik. Å ha eit eige hus der tilreisande og lokalbefolkning kan oppleve forfatterskapen til Olav. H. Hauge, vil venteleg stø opp om Ulvik si kulturelle historie. Det vil òg stadfesta ansvaret heradet har for å forvalta og formidla denne delen av kulturhistoria. Med turistinformasjon og kafélokale i same bygg, har ein håp om at Olav H. Hauge-senteret skal verta eit populært tilbod til tilreisande og fastbuande.

### **Ulvik poesifestival**

Ulvik poesifestival har gjennom dei 12 åra den har eksistert, opparbeidd eit breitt kulturelt tilbod til eit samansett publikum. Festivalen starta i 1997 som eit dags-arrangement, men vart i 2000 utvida til tre dagar. Festivalen skal arbeida for å auka kunnskapen om og interessa for Olav H. Hauge sin forfatterskap. Dette skal gjerast ved å presentera eit mangfald innfor nasjonal og internasjonal poesi. Det vert frå Ulvik herad si side lagt vekt på den positive profileringa bygda får gjennom festivalen. Heradet vil stø opp om det vidare arbeidet med festivalen.

### **Friluftsliv**

Ein fordel ved å bu i Ulvik er høvet til og interessa for eit aktivt friluftsliv. Desse aktivitetane er ein del av Ulvik sin identitet og eigenart, og vil vera eit prioritert område i framtida. Dette vert gjenspegla m.a. i medlemstalet til Ulvik Idrottslag og andre organisasjonar. Det er likevel ein nedgang i medlemstalet i idèelle- og livssynsorganisasjonar. Dette ser ein m.a. på søkjartalet til kulturmidlar. Den uorganiserte delen av friluftslivet utgjer ein vel så stor del av aktivitetane.

Ulvik har lange tradisjonar knytt til jakt og fiske, og då i hovudsak i fjellet. Interessa for jakt og fiske har, saman med andre tradisjonelle fangstmetodar, hatt ein nedgang dei siste åra. Det har vore eit ynskje om å etablere av ei form for "fadderordning" for ungdom som har interesse av å vidareføra tradisjonane kring jakt og fiske. Dette er eit tiltak som Ulvik herad ser stor verdi i, og som heradet vil bidra til å leggja tilrette for.

## Kulturhistorie og kulturarv

Eit gjennomgåande tema i kommuneplanmøta har vore trongen for ein stad til utstilling og historieformidling av kulturarven i Ulvik. Store delar av historia frå Ulvik er dokumentert i ulike fora, men det finst framleis mykje kulturhistorisk materiale, stader og gjenstandar som ikkje er registrerte og kartlagde. Dette kan vera stølsområde, busetnads plassar, krigsminne og hendingar som har vore av betydning for Ulvik si historie. Det vert lagt til grunn at det i planperioden vert initiert eit forprosjekt for å sjå om ein kan etablere eit bygdetun/museum.



Stølane i nærområda vert mykje nytta som turmål. Her er Ulvik turlag på Osete. Foto: Steinar I. Bergo

Ulvik har lange tradisjonar med stølsdrift, og ei rekkje av dei gamle stølshusa er framleis i bra stand og delvis i bruk. Det må vera eit mål å nytta stølar og områda rundt i kultur- og naturbasert reiseliv.

Ein ny eller utvida bruk av stølar krev kartlegging og registrering av stølar og stølsområde. Store delar av eksisterande stølar er registrerte, men det finst framleis stølsområde og tufter som ikkje er registrerte.

Det vart i 2008 samla ei gruppe interesserte som skulle vurdera trongen for eit sogelag i Ulvik.

Dette er eit arbeid i privat regi, men heradet ser verdien av eit slikt lag, og vil så langt som mogleg stø opp under dette arbeidet.

## MÅL OG STRATEGIAR – KULTUR

### **MÅL – VI VIL:**

- ✓ stø opp om og leggja til rette for vidareutvikling av eksisterande kulturaktivitetar og tilbod
- ✓ synleggjera Ulvik sin mangfaldige kulturarv i flest mogleg fora
- ✓ ha eit attraktivt og oppdatert tilbod til flest mogleg
- ✓ utvikla Olav H. Hauge – senteret på ein dynamisk og framtidsretta måte
- ✓ leggja til rette for utvikling av kultur- og naturbaserte næringar
- ✓ vidareføra tradisjonane kring jakt og fiske til den yngre del av befolkninga

### **STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:**

- ✓ vidareutvikla Ulvik poesifestival
- ✓ vera kulturarven bevisst i planarbeid, både lokalt og regionalt
- ✓ utvikla Olav H. Hauge-senteret til beste for bygda og i respekt for Olav H. Hauge
- ✓ stø opp om, og utvikla tiltak som fremjar lokal kultur på best mogleg måte
- ✓ oppmuntra dei unge til bruk og erfaringsoverføring av tradisjonelle fangstmetodar



## SAMFERDSLE

Ulvik er avhengig av gode kommunikasjonar inn og ut av bygda. Dårlig vegnett og kommunikasjonar må ikkje bli eit argument *mot* etablering og busetjing i heradet.

Riksveg 572 går som gjennomgangsveg. Fylkesvegane 300 til Osa, 301 til Rondestveit, 302 til Djønno og 303 til Ljono er viktige samleveggar i heradet.

Heradet har ei rekkje kommunale vegar med vekslende standard. Det er eit mål å få utført eit registreringsarbeid med tanke på utbetring av dei kommunale vegane. Ein må samtidig vurdera om klassifisering frå kommunal veg til privat fellesveg er ynskjeleg og mogleg. På den andre sida kan heradet i planperioden bli pålagt å overta delar av eksisterande fylkesvegnett.



Ulvik herad vil halda oppe presset på nasjonale og regionale myndigheiter når det gjeld opprusting av riks- og fylkesvegane i bygda. Rassikring av RV 572 Bruravik-Ulvik er i prosjekteringsfasen, og er lagt opp som eit spleiselag mellom Ulvik herad og Statens vegvesen.

### Trafikksikringsplan

Ulvik herad har trafikksikringsplan for perioden 2003 – 2012, og denne skal før utgangen av planperioden rullerast med tanke på oppjustering av målsetjingar og tiltak som ikkje er utgreidde eller innfridde. Fokuset i samband med rulleringa vil verta fartsdempande tiltak, rassikring, unge og trafikk, parkering og trafikksikkert nærmiljø.

Bygginga av Hardangerbrua vil endra trafikken i dette området av heradet. Ferjesambandet Bruravik-Brimnes vert avvikla, noko som igjen kan føra til ny bruk av området. Ein har m.a. moglegheit for å etablere båthamn/brygge for dei som kryssar fjorden til og frå Bagnstrond og dei ytre delane av Osafjorden.

### Bevegelsesmønster

I samband med bygginga av terrasseblokka i sentrum og den planlagde COOP-butikken i det gamle fruktlageret, er det venta eit endra bevegelsesmønster i sentrumsområda. Ein større del av gangtrafikken vil verta konsentrert kring nye område i sentrum, og kanskje spesielt i vegkrysset RV 572/FV 300. Gangfeltet aust for fruktlageret vil vera eit mykje nytta gangfelt, og det vil verta ei auka kryssing av riksvegen i kringliggjande område.

For å få eit heilskapleg bevegelsesmønster i sentrumsområda, må ein utarbeide ein gatebruksplan/sentrumsplan. Ein slik plan legg klare føringar for bruk av sentrumsområda, når det gjeld bil- og persontrafikk.

### Parkering

Grunna spreidd busetnad har Ulvik sentrum utfordringar når det gjeld parkeringsareal. All tenesteyting er konsentrert i Ulvik sentrum, og store delar av bygda bruker bil for å nytta desse tilboda. Dette skaper utfordringar i det daglege, særleg i sumarhalvåret. Hotellverksemdene har m.a. store grupper bussturistar, noko som igjen krev parkeringsareal. Ein gatebruksplan/sentrumsplan vil ta føre seg desse utfordringane og leggja til rette for at parkering kan planleggjast på ein praktisk og arealeffektiv måte.

### Gang- og sykkelveg

Det er i gjeldande reguleringsplan for Brakanes/Ulvik sentrum vedtatt ein gang- og sykkelveg frå Ulvik hotell til Prestabrekka. Dette tiltaket skal realiserast så snart som mogleg. Ei naturleg vidareføring av arbeidet kan bli ein gang- og sykkelveg inn mot Holmen og Hjeltnes.



Det vil bli sett fokus på å få eit samanhengande gangsystem frå dei ulike byggjefelta knytt til sentrumsområda. Ved regulering av delar av Hjelmevoll til bustadområde, vil dei tre byggjefelta på Hydle (Hydle I, II og III) ha behov for ein trygg veg å ferdast i ned til sentrum/skule. Avsetjing av areal til gang- og sykkelveg vert eit viktig tema i kommuneplanen sin arealdel.

### Kollektivtrafikk

Kollektivtrafikken i Ulvik er i hovudsak basert på busstrafikk utført av "Skyss", som er eit fylkeskommunalt selskap.



I sumarhalvåret har ein òg høve til å reisa med hurtigbåt internt i Hardanger, med buss-samband frå Kvam til Bergen. Å oppretthalda dagens kollektivtilbod som eit minimum, vil vera eit prioritert arbeid. Samstundes vil ein arbeida for at rutetilbodet vert utvida, kanskje spesielt på kveldstid og i helgane.

I samarbeid med dei ulike kommunane har "Skyss" oppretta ordninga "Trygt heim", som er eit tilbod retta mot ungdom mellom 16 og 24 år. Tilbodet omfattar andre aldersgrupper dersom kapasiteten tillet det. Tilbodet er tilpassa rullestolbrukarar. Ordninga gir høve til å reisa kollektivt frå Voss til Ulvik på nattetid i helgane.

For ei lita bygd som Ulvik er det viktig å ha eit velfungerande taxitilbod. Ulvik herad vil arbeida for at innehavar(-ar) av drosjeløyve vert gitt gode vilkår for drifta, og om ynskjeleg bidra til utvikling av næringa.

Det vil vera viktig for Ulvik herad å halda ein aktiv dialog med Jernbaneverket og NSB for å oppretthalda rutetilbodet og funksjonelt materiell på Bergensbanen. Ulvik herad ser det som særskilt viktig at friluftinteresserte, hyttefolk og næringsdrivande på Finse har gode kommunikasjonar og tilfredstillande beredskap. Miljømedvit og auka fokus på kollektivtrafikk vil leggja til rette for ein vidare passasjeruauke på Bergensbana, noko som igjen kan føra til ei oppgradering av bane og materiell.

### Samferdsle på sjø

Fjordbygdene i Hardanger har til alle tider brukt fjorden som transport- og ferdsleveg. I dag er bruken av fjorden basert på friluft- og rekreasjonsbruk, i fyrste rekkje i sumarhalvåret. Delar av indre hamneområde vert nytta av store cruiseskip som ankringsplass i kortare periodar, men størsteparten av aktiviteten på sjøen er småbåttrafikk, og fortrinnsvis lokal trafikk. Det må vera eit mål å få lagt til rette for drivstoffylling for småbåtar, slik at ein får gjort Ulvik og områda rundt til eit reisemål for besøkande med båt.

Ulvik herad legg opp til at reguleringa av sjøområda vert vidareført i kommande kommuneplan, men med visse justeringar. Det vil verta sett nærare på storleiken på ankringsplassane for cruiseskipa og spørsmålet om fjerning av taksebanane for sjøflytrafikken.

## **MÅL OG STRATEGIAR – SAMFERDSLE**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ ha auka standard på det statlege vegnettet (riks- og fylkesvegar)
- ✓ ha fokus på oppjustering og planmessig vedlikehald av kommunale vegar
- ✓ halda dagens kollektivtilbod oppe som eit minimum
- ✓ leggja til rette for trygg ferdsle for gåande og andre mjuke trafikantar
- ✓ oppretthalda og vidareutvikla taxi-tilbodet i heradet
- ✓ gode rutetilbod og funksjonelt materiell på Bergensbanen
- ✓ vera i forkant i arbeidet med å profilera Ulvik i samband med nye skilt, kart og navigeringssystem for vegtrafikken
- ✓ auka bruk av sjøareala som samferdsleveg og rekreasjonsområde

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ rullere gjeldande trafikksikringsplan
- ✓ leggja press på statlege og regionale myndigheiter for oppjustering av vegnettet
- ✓ utføra eit registreringsarbeid av kommunale vegar med omsyn til vedlikehald
- ✓ utføra eit planmessig vedlikehald av kommunale vegar
- ✓ vera i konstant dialog med fylkeskommunen for eit betre kollektivtilbod
- ✓ utarbeida gatebruksplan for sentrumsområda
- ✓ realisera gang- og sykkelveg frå Ulvik hotell til Prestabrekka
- ✓ etablera ein trygg og funksjonell gangsti frå/mellom dei tre byggjefelta på Hydle
- ✓ utvikla og styrka taxinæringa i Ulvik

## FORVALTING AV HØGFJELLET

Store delar av Ulvik sine areal er høgfjellsområde av lokal og nasjonal verdi. Fjellområda har vore nytta til stølsdrift og jakt, og har vore avgjerande for utviklinga av Ulvik opp gjennom tidene. Sjølv om fjellområda i dag vert nytta som friluftsområde for fastbuande og tilreisande, er stølsdrifta og jaktrettane av stor verdi for grunneigarane den dag i dag. Områda kring Finse gir heradet utfordringar med tanke på forvaltning av naturverdiar, kulturhistorie og beredskap i høgfjellet.



Frå Finse

### Beredskap i fjellet

Ulvik herad har i samband med beredskapen i fjellet, vore i dialog med dei ulike aktørane i området, med tanke på samarbeid på tvers av kommunegrenser og fagleg ekspertise. Det er oppretta samarbeid med Fylkesmannen si beredskapsavdeling for koordinering av dette arbeidet.

### Rallarvegen

Rallarvegen er eit av dei mest nytta og attraktive tur- og kulturtilboda i fjellet. Det er ein stadig auke i så vel sykkelturistar som fotturistar som nyttar vegen i sumarhalvåret. Sjølv om det er Jernbaneverket som eig og driftar vegen, har likevel Ulvik og andre kommunar (Voss, Aurland og Hol) utfordringar i forvaltninga av vegen. Eit sentralt spørsmål har vore om ein skal åta vegen for å framskunda snøsmeltinga, og dermed sesongopninga av vegen.

Turiststraumen på Rallarvegen er viktig for dei næringsdrivande i området og Ulvik som turistmål. Omsynet til villreininteressene legg sterke føringar for bruken og forvaltninga av vegen.

Ulvik herad har i 2009 tatt initiativ til ein dialog med aktuelle kommunar, fylkeskommunar og andre interesser i området for å utarbeida ein langsiktig forvaltingsplan for Rallarvegen. Ein slik forvaltingsplan, saman med felles fylkesdelplan for Hardangervidda, vil kunna leggja til rette for ei meir føreseieleg og langsiktig forvaltning av vegen.



### Finse forum

Finse forum er eit forum beståande av representantar frå Jernbaneverket, NSB, Finse 1222, DNT – Finsehytta, Ulvik herad og andre aktørar med interesser i området. Det vert halde eit par møte kvart år, der ein diskuterer og gjer tiltak for å løysa utfordringane ein måtte ha i områda kring Finse. Ulvik herad ser Finse forum som ein viktig reiskap for ei heilskapleg forvaltning på Finse, og vil halda fram med å stø opp om desse møta.

**Felles fylkesdelplan for Hardangervidda**

Det vart i 2007 starta opp arbeid med ein felles fylkesdelplan for Hardangervidda. Føremålet med dette arbeidet er å få eit styringsverktøy som legg premisser for forvaltninga av villreinstamma. Samstundes vil ein sikra friluftinteressene og leggja opp til næringsutvikling knytt til fjellområda og bygdene rundt. Dette arbeidet er eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland, Buskerud og Telemark fylkeskommunar, og omfattar delar av kommunane Hol, Nore og Uvdal, Rollag, Tinn, Vinje, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Ulvik. Planprogrammet vart vedtatt i februar 2009, og det vert lagt opp til å vedta planen i 2011.

**”Fjellteksten” (St.prp.65 – 2002-2003)**

Stortinget handsama våren 2003 spørsmålet om berekraftig bruk av fjellområda og bruk, vern og verdiskaping (St.prp.nr 65 (2002-2003), også kalla ”Fjellteksten”). Der la regjeringa vekt på å synleggjera potensialet for auka turistmessig bruk av fjellområda, både innafør og utafør verneområda. Regjeringa og Stortinget har òg sagt noko om kva for føresetnader ein skal leggja til grunn i utviklinga av turisme i fjellområda:

- Fjellnaturen skal bevarast slik at den framleis vil vera ei kjelde til friluftsliv, rekreasjon og natur- og kulturopplevingar. Samstundes skal desse ressursane gje grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i bygdene.
- Forvaltninga av fjellområda skal ta utgangspunkt i dei vilkåra som den sårbare fjellnaturen set, dvs. ei økosystemtilnærming.
- Norsk natur skal utviklast som merkevare for auka turistmessig bruk av fjellområda.

**MÅL OG STRATEGIAR – FORVALTING AV HØGFJELLET*****MÅL – VI VIL:***

- ✓ sikra ei berekraftig utvikling på Finse og områda rundt
- ✓ arbeida for å halda oppe eit fritidssamfunn på Finse med naudsynt infrastruktur
- ✓ ha god beredskap i fjellet, og spesielt i Finseområdet
- ✓ leggja til rette for næringsdrivande på Finse

***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ ha oppdaterte planar i fjellet
- ✓ delta og stø opp om Finse forum
- ✓ samarbeida med NSB og Jernbaneverket om infrastruktur og beredskap
- ✓ arbeida for å halda fram med heilårsbetjening på Finse stasjon
- ✓ ha ei restriktiv og rettferdig handheving av lov om motorferdsle
- ✓ vera ein aktiv part i prosessen med utarbeiding av forvaltingsplan for Rallarvegen

## **BEREKRAFTIG UTVIKLING OG KLIMAUTFORDRINGAR.**

Ulvik herad forvaltar jordbruksareal av høg verdi, verneområde, nasjonalt og regionalt verdifullt kulturlandskap, store førekomstar av fortidsminne, biologisk mangfald og ein rik kulturarv. I all planlegging skal det leggjast vekt på å ivareta og utvikla desse verdiane i eit langsiktig og berekraftig perspektiv.

At Ulvik herad skal ha ei berekraftig utvikling, betyr at heradet skal arbeida aktivt for å redusera klimautsleppa. Alle heradet sine einingar skal ta omsyn til klimautfordringane i planlegging og utføring av sine oppgåver.

Dei ulike kommunane har høve til å påverka utviklinga gjennom sine mangfaldige arbeidsoppgåver.

Som planmyndigheit har heradet eit spesielt ansvar for å ivareta klima- og miljøomsyn i eigne planar.

Gjennom kommunale tenester, og som eigedomsforvaltar, kan heradet leggja vekt på å etablere klimavennlege løysingar og utføra tenester på ein måte som er til minst mogleg belastning for miljøet. Gjennom rolla som samfunnsutviklar, kan heradet arbeida målbevisst for at innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet i fellesskap tek del i arbeidet med å redusera klimatrusselen. Eit resultat av den type arbeid er Ulvik sitt engasjement i Miljøfyrtårnordninga.



Heradet har difor ei viktig rolle som forvaltingsmyndigheit og samfunnsutviklar i høve til bruken av alternativ energi. Heradet skal vurderer etablere av fjernvarmeanlegg i område der dette kan gjennomførast på ein forsvarleg måte med omsyn til miljø og økonomi. Nye kommunale bygg skal byggjast med vannbåren varme, og eksisterande bygg bør vurderast for ombygging. Det er i kommunedelplanen for energi og miljø for Ulvik herad, lagt opp til minimal miljøbelastning frå den kommunale bilparken. Det er elles lagt opp til at kommunedelplan for energi og miljø, vert forankra i kommuneplanen og integrert i det ordinære plan- og styringssystemet.

## **MÅL OG STRATEGIAR**

### **BEREKRAFTIG UTVIKLING OG KLIMAUTFORDRINGAR**

#### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ tenkja langsiktig, vektlegga berekraft, tryggleik, og miljøvenlegheit i all arealplanlegging
- ✓ leggja vekt på å forvalta og utvikla kulturlandskapskvalitetane
- ✓ vidareføra og rullera kommunedelplanen for energi og miljø med talfesta mål for reduksjon av energibruk og effektiv avfallshandtering
- ✓ involvera innbyggjarar, organisasjonar og føretak til felles miljødugnad og leggja til rette for at næringsliv og innbyggjarar sjølv kan ta miljøvenlege val
- ✓ arbeida for energieffektivisering og energiomlegging i kommunale bygg og stimulera til det same i private bygg og bustader

#### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ konkretisera berekraftige prinsipp for arealforvalting i kommuneplanen sin arealdel
- ✓ leggja til rette for opplæring i skule og barnehage om klima og miljø. Bidra til at born og unge får god kjennskap til korleis dei sjølv kan redusera klimatrusselen
- ✓ arbeida konkret for at nye bustader og bygg er lågenergibbygg som er energifleksible
- ✓ arbeida aktivt for å etablera alternativ energibruk
- ✓ leggja til rette for at heradet sine egne kjørety skal vera mest mogleg energieffektive

## HELSEUTFORDRINGAR


Fleire leveår med god helse, reduserte helseskilnader i befolkninga og tilgjenge for alle, er nasjonale mål for folkehelsearbeidet.

Heradet sitt folkehelsearbeid må baserast på god og presis kunnskap om befolkninga si helsetilstand. Det er difor viktig at Ulvik herad opparbeider god kompetanse i bruk av nye verkty som

”kommunehelseprofilar”.

Kommunehelseprofilar er utarbeidd av Helsedirektoratet

og er meint å vera eit verkty i det kommunale helsearbeidet.



Sammenligningsgrunnlag fra "Kommunehelseprofilar".

For at folkehelsearbeidet skal få nødvendig fokus gjennom heile heradsorganisasjonen, er det nødvendig å forankra satsinga i overordna planverk. Difor har helseperspektiv ein viktig plass i kommuneplanen sin samfunnsdel 2009-2020.

(Jf. St.meld.nr.20 - Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller)

Folkehelsearbeid er ikkje berre eit kommunalt ansvar. Innbyggjarane sit sjølv med dei viktigaste ”nøklane” til å påverke eiga helse. Overordna myndigheiter disponerer midlar til å fremja folkehelsearbeidet. Å satsa på folkehelsearbeid, må difor gå føre seg i samarbeid med heradet sine innbyggjarar, lag og organisasjonar, føretak og fylkeskommunen.

Gjennom arealforvaltning er det viktig at heradet fokuserer på trivelege og aktivitetsfremjande oppvekst- og bustadmiljø, samanhengjande gang- og sykkelvegar, tilgjengelege friområde og tilrettelegging i/av turområde.

Skule og barnehage er viktige arenaer for å gje born og unge gode vanar og positive haldningar til fysisk aktivitet og sunt kosthald. Planar for skule og barnehage skal gjera greie for korleis omsynet til fysisk aktivitet og sunt kosthald er heimla i planen.

Det kvilar eit særskilt ansvar på heradet for å fremja god helse for arbeidstakarar i eigen organisasjon.



## **MÅL OG STRATEGIAR – HELSEUTFORDRINGAR**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ arbeida for å fremja god helse i heile befolkninga og redusera helseskilnader
- ✓ ta omsyn til helse i all planlegging
- ✓ leggja til rette for at menneske kan ta gode val for eiga helse i kvardagen
- ✓ leggja til rette for å fremja god helse og sunne vanar for born og unge
- ✓ leggja til rette for å fremja god helse og trivsel i arbeidslivet – og spesielt for heradet sine egne tilsette.

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ sikra gode interne rutinar for samarbeid mellom helse- og planfagleg eining (teknisk)
- ✓ planleggja bumiljø som legg til rette for aktivitet og trivsel
- ✓ bruka helsekonsekvensutgreiingar og kommunehelseprofilar som verkty i planlegging
- ✓ involvera skule, barnehage, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv i fokehelsearbeidet

## SAMFUNNSTRYGGLIK OG BEREDSKAP

Kommunane skal arbeida for å gjera samfunnet i stand til å møte påkjenningar. For å redusera risiko og sårbarheit, skal førebyggjande samfunnssikkerheit takast omsyn til i all planlegging etter plan- og bygningslova.

Alle mål i heradet sine planar skal vurderast i høve til beredskap og samfunnstryggleik. Risiko- og sårbarheitsanalyse er eit viktig verkty i heradet sitt beredskapsarbeid.



Ulvik herad har utarbeidd ein enkel, førebels ROS-analyse som skal nyttast i byggje- og reguleringsarbeid.

Denne lista legg grunnlaget for ein meir utfyllande ROS-analyse.

Ulvik herad har saman med kommunane Fusa, Vaksdal, Osterøy, Kvam, Ullensvang, Eidfjord og Granvin starta eit prosjekt for å utvikla ein metode for skredfarekartlegging i små og mellomstore kommunar. Hordaland Fylkeskommune stør prosjektet økonomisk.

Heradet skal til ei kvar tid ha oppdaterte planar for samarbeid med redningsetatar og andre aktørar ved eventuelle krisar. For å vera godt oppdaterte og førebudde, må det gjennomførast øvingar for heradsorganisasjonen og andre. Dette vil vera ein del av kriseberedskapen.

Heradet har etter plan- og bygningslova eit ansvar for sikker bruk av areal og bygningar. I arealplanlegginga må det takast omsyn til naturbasert sårbarheit (ras, flom, radonstråling m.m.) og verksemdbasert sårbarheit (farlege stoff, brann, eksplosjon, forureining m.m.). Det må også takast omsyn til vatn og avløp, terrorisme og sabotasje (kraftforsyning, telekommunikasjon, trafikkårer, våpen- og sprengstofflager m.m.). Den nye planlova som tredde i kraft den 01.07.2009 krev at det vert gjennomført ei konsekvensutgeiing i dei fleste reguleringsplanar.

Ulvik har ei rekkje vassdrag som kan føra til store skadar ved ein eventuell flaum. I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel må det difor takast spesielt omsyn til flaumsoner og flaumsonekartlegging.

Ulvik herad må ha merksemd på tryggleik og beredskap i høve til vegtrafikk. Ein må utarbeida rutinar for sikkerheit og beredskap, både for person-, bil- og båttrafikk, til Hardangerbrua står ferdig.

## **MÅL OG STRATEGIAR**

### **SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP**

#### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ at Ulvik herad skal vera eit trygt og robust samfunn
- ✓ at Ulvik herad skal vera førebudd på å takla uønska hendingar og krisesituasjonar
- ✓ ved aktiv bruk av ROS-analysar arbeida systematisk for å redusera risiko og sårbarheit.

#### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ ha eit oppdatert og relevant beredskapsplanverk
- ✓ bruka risiko og sårbarheitsanalysar som verktøy i arealplanlegginga
- ✓ leggja vekt på førebyggjande og skadereduserande tiltak i handlingsplanar.
- ✓ øva jamleg på handtering av krisesituasjonar

## VI GJER... KOMMUNALE TENESTER

Gode skule- og barnehagetilbod er vesentlege kvalitetar i eit lokalsamfunn. Dette gjeld ikkje minst i arbeidet for å vera ein attraktiv kommune å flytta til.

### BARNEHAGE

Ulvik barnehage har eit godt pedagogisk barnehagetilbod. Dei har engasjerte og fagleg dyktige tilsette som tek omsyn til kvart enkelt born ut i frå føresetnader og behov. Det vert frå dei tilsette si side lagt stor vekt på å møta både born og vaksne med ei blid, open og imøtekommande haldning. Det vert samstundes lagt til rette for engasjement og involvering frå dei føresette.

Barnehagen har ei sentral plassering i høve til busetnadsmønsteret, men ligg langt frå skule og butikk. Det er ofte ein balansegang mellom barnehagar nær arbeidsplassar, og barnehagar nær bustadområde.



Bjørk Thorbjørnsen og Minna-Sofie Øydvin med sitt flotte byggverk. Hardangerbrua..? Foto: Svanhild Hide

Ulvik barnehage har ein klar miljøprofil, og er sertifisert i "Grønt flagg"- programmet som er ei internasjonal miljøordning i regi av miljøstiftinga *FEE – Foundation for environmental education*.



Frå flaggheisinga og den offisielle opninga av "Grønt flagg" – ordninga.

Foto: I.Winters

Barnehagen arbeider etter hovudmålsetjinga; ”Barnehagen – ein plass der alle trivst” og med desse delmåla:

- alle blir sett og høyrd
- alle får utfordringar og opplever meistring
- alle føler tryggleik, respekt og likeverd
- alle får vera med på å bestemma / påverka eigen kvardag (medverknad)
- glede og humor pregar kvardagen

Ei viktig utfordring for barnehagen er å leggja til rette for born med spesielle behov, tilbod til minoritetsspråklege born og eit godt samarbeid med barnevernstenesta.

## SKULE

Ulvik herad skal ha eit skuletilbod av høg kvalitet. Det vert arbeidd for kompetanseheving av lærarar, og det er god kommunikasjon mellom herad/skule/foreldreutval.

Kunnskapsløftet gjev skulane nye utfordringar og moglegheiter i undervisninga. Reforma er tydeleg på at den enkelte elev skal få tilpassa opplæring. Skulemiljøet skal bidra positivt til elevane si helse, trivsel og læring. Heradet vurderer drifta av skulen som ei investering i framtida. God kvalitet i skulen, er god økonomi for Ulvik herad.



**Brakanes barne- og ungdomsskule**

Det har dei seinare åra vore gjort store opprustingstiltak på skulen. I 2009 vart den siste ombygginga og oppussinga fullført. Det vart lagt inn nytt ventilasjonsanlegg, ny belysning, nye golvbelegg samt elektroniske tavler og andre audiovisuelle læremiddel i alle klasserom. Sumaren 2009 vart det tildelt nye midlar til kommunane. Dette kom som eit resultat av regjeringa si krisepakke. For Ulvik herad sitt vedkommande resulterte dette i vidare oppussing av skulen. Denne gongen var det nye vindauge, etterisolering og heis som vart prioritert.

Skulen og skuledagen er no ein del av den digitale kvardagen. Dette krev ei vidare investering i materiell, og kompetanseheving for dei tilsette. Det er viktig å gje dei tilsette nok tid til eiga læring. Lærarane på skulen må sjølv vera lærande og ha eit aktivt forhold til eigen praksis.

Skulen er ein viktig formidlar av verdi- og kulturtradisjonar, både i stor- og lokalsamfunnet. Det er difor viktig å ha mål for undervisning, læringsmiljø, sosialt og fysisk miljø som tek omsyn til den enkelte. Ulvik herad legg til grunn at skulen og skuletida skal vera eit fagleg og sosialt høgdepunkt for alle. Kulturskulen på Brakanes skule er ei naturleg oppfylgning av denne målsetjinga. Her har elevane høve til å bli kjende med, og utvikla sine kunstnariske talent og føresetnader innan musikk, biletkunst og ulike former for dans.

Brakanes skule har ansvar for vaksenopplæringa i heradet. Dette er i fyrste rekkje eit tilbod til innvandrarakar og eventuelle tilflyttarakar som har behov for norskopplæring og anna tilrettelagt undervisning.

Brakanes skule ligg sentralt plassert i bygda, men elevane vert frakta til og frå skulen med organisert skulerute, noko som gjer miljøbelastninga minimal. Når det gjeld dei tilsette, er det gode moglegheiter for samkjøring og alternativ transport. Forbettringspotensialet er likeeins.

## **MÅL OG STRATEGIAR – OPPVEKST OG LÆRING**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ ha full barnehagedekning med eit fleksibelt og variert tilbod som tek omsyn til både born og foreldre, og som er forankra i Lov om barnehagar og Rammeplanen
- ✓ ha ein inkluderande skule prega av kultur for læring – med rom for alle og blick for den enkelte.
- ✓ at born og unge i Ulvik herad skal ha ein god oppvekst, som er forankra i omsorg, og som gir utfordringar knytt til utvikling og læring.
- ✓ arbeida for å gi born sunne matvanar og godt kosthald
- ✓ ha gode samarbeidsrutinar for overgangen frå barnehage til skule
- ✓ gi born og unge utdanning for framtida i eit godt læringsmiljø
- ✓ ha ei pedagogisk plattform basert på nasjonale og lokale planar

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ ha godt kvalifisert tilsette i skule og barnehage, med høve til vidareutvikling og opplæring.
- ✓ vidareutvikla fagleg kvalitet i både barnehage og skule
- ✓ ha auka fokus på læring og tilpassa opplæring for alle
- ✓ ha bygg som er godt vedlikehaldne og uteområde som kan stimulera til læring
- ✓ samarbeida regionalt om kompetanseheving for tilsette i barnehage og skule
- ✓ leggja til rette for gode arbeidsplassar for dei tilsette

## HELSE OG OMSORG

God helse i befolkninga er ein vesentleg ressurs i det daglege liv, både for den enkelte og for heradet generelt. Helse er ikkje statisk, den vert påverka og utvikla i relasjon mellom menneske, handling og omgjevnader. Ulvik herad skal arbeida målretta for å bidra til god helse i befolkninga.

Utfordringane for helsetenesta i Ulvik herad er i hovudsak knytt til tre hovudområde:

- Helsefremjande tiltak for heile befolkninga
- Målretta førebyggjande tiltak – knytt til utsette grupper
- Tiltak knytt til gjenvinning av helse etter sjukdom og skade (habilitering og rehabilitering)

Undersøkingar, både nasjonale og internasjonale, viser ein klar samanheng mellom helsetilstand på den eine sida og utdanning, økonomi og sosial posisjon på den andre sida. Forsking viser at sosial ulikskap i helse har vore aukande dei siste tiåra. Å redusera helseskilnadene i befolkninga er difor eit viktig samfunnsansvar.

For helsetenesta er det viktig å stimulera til helsefremjande aktivitetar og tiltak, å kartleggja og påverka tilhøve som har negativ verknad på folk si helse. Det er viktig å få ei oversikt over tilhøve som bidreg til å skapa sosial ulikskap. Ulvik herad bør ha strategiar for å fremja god helse i heile befolkninga. Dei bør leggja til rette for å betra helsa til menneske som har ei helsetilstand under gjennomsnittet av befolkninga. Det er viktig å understreka det faktiske ansvaret ein har for eiga helse og levesett. Den enkelte innbyggjar kan gjera gode val for eiga helse.

Det er viktig å ha ein god helsestasjon og god skulehelseteneste. Desse må ha ressursar nok til å leggja vekt på det helsefremjande og førebyggjande arbeidet generelt og oppgåver knytt til utsette grupper spesielt.

### *Pleie og omsorg - Ploms*

Ulvik herad skal yta pleie- og omsorgstenester for alle aldersgrupper. Heradet skal sikra at dei som mottek denne tenesta etter kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova får dekkja sine grunnleggande behov. Ein må syna respekt for det enkelte mennesket sin rett til å bestemma sjølv, eigeverd og levesett. Tenestetilbodet er tilpassa så vel institusjon som ope omsorg.

Det er venta ein monaleg auke i tal eldre dei neste tiåra. Dette vil gje store utfordringar for heradet si pleie- og omsorgsteneste framover. Sjølv om auken vil vera avgrensa, merker heradet allereie no eldrebølgja og dei utfordringane den gjev.

På landsbasis har det dei seinare åra vore ein auke i nye brukargrupper. Det blir fleire yngre brukarar med samansette problemstillingar. Dette, saman med tidlegare utskrivningar frå sjukehusa, medfører auka krav til kompetanse og medisinsk oppfylgning i kommunane.

Det ligg store utfordringar i framtidig behov for auka bemanning og kompetanse, samstundes som det er vanskelegare å rekruttera kvalifisert personell. Det vert ei utfordring å leggja til rette for pleie- og omsorgsteneste med rasjonell drift, og samstundes gi ei kvalitativt god teneste til eit auka tal brukarar.

Ein hovudstrategi må vera å leggja vekt på førebyggjande innsats. Det må utviklast ein bustadpolitikk som omtalar tilhøve mellom leilegheiter med livsløpsstandard, omsorgsbustader, bufellesskap og institusjon. Velfungerande tilbod som open omsorg, dagsentertilbod og tiltak som fremjar betre helse i heile befolkninga, kan få stor verdi for pleie- og omsorgstenestene på lang sikt. ”Den kulturelle spaserstokken” er ei satsing på å knyta kulturtilbod opp mot ei aktiv eldreomsorg. Målet er å bidra til god livskvalitet gjennom innsats frå den enkelte.

Ein viktig strategi vil vera å leggja til rette for tryggleik og god pleie i eigen heim, ved å styrka heimetenesta. Dagtilbod kan gje enkelte brukar betre livskvalitet og hjelp til å meistra heimetilværet betre. Rehabilitering er eit viktig tilbod for å kunna oppretthalda eiga omsorgsevne. Høvet til avlasting og omsorgsløn, kan vera ei støtte for dei pårørande. Omsorgsbustader med fellesareal gir tryggleik, fellesskap og kort veg til hjelpeapparatet. Desse kan vera knytt til base for heimetenester eller direkte knytt til alders- og sjukeheim. Mindre einingar i sjukeheimen gjev høve til betre demensomsorg, rehabilitering, terminalpleie, smittevern og medisinsk oppfølging.

## **MÅL OG STRATEGIAR – PLOMS (PLEIE OG OMSORG)**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ arbeida for god og likeverdig helse for heile befolkninga
- ✓ arbeida for at befolkninga vert i stand til å ta vare på eiga helse
- ✓ arbeida målretta for å redusera helseskilnader i befolkninga
- ✓ bidra til at befolkninga kan vera aktive og meistra eige liv
- ✓ gje eit tenestetilbod som gir brukaren tryggleik og er føreseieleg, og som tek omsyn til medverknad frå brukaren.
- ✓ yta tenester av god kvalitet i høve til tildelt ramme
- ✓ leggja til rette for at den enkelte brukar kan oppretthalda si eiga omsorgsevne og medbestemming.

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ rullera/vidareføra kommunedelplanen for pleie og omsorg for å møte framtidige utfordringar innan pleie- og omsorg på ein effektiv og tilfredsstillande måte
- ✓ gje god og relevant informasjon om tenestenivået i høve til forventingar
- ✓ til ei kvar tid ha fokus på å få god omsorg ut av tilgjengelege ressursar
- ✓ ha fokus på brukarane sine reelle behov
- ✓ utvikla kompetanse i bruk av gode verkty for å følgja utviklinga av helse i Ulvik herad si befolkning (helseprofilar)
- ✓ ha ein bustadpolitikk som tek omsyn til tilhøvet mellom sentrumsnære bustader, omsorgsbustader og institusjonstilbod
- ✓ arbeida for å etablera gode aktivitetstilbod for eldre i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- ✓ vurdera helsestasjon for eldre
- ✓ ta omsyn til universell utforming og tilgjenge for alle i planarbeid og forvaltingsoppgåver.
- ✓ utarbeida plan for kompetanseheving for tilsette, samt rekruttere og behalda kvalifisert arbeidskraft (jf. Kompetanseløftet 2015 i Omsorgsmeldinga)



## **SOSIAL BISTAND**

Sosialtenesta sitt arbeid vert regulert av *Lov om sosiale tenester*. Føremålet med lova er å fremja økonomisk og sosial tryggleik, betra levekåra for vanskelegstilte, medverka til auka likeverd og likestilling og førebyggja sosiale problem. Samstundes skal lova føra til at den enkelte får høve til å leva og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meningsfullt liv i lag med andre.

Samarbeid med NAV er viktig for å koma inn i arbeidsmarknaden igjen. Sosialtenesta må ha kompetanse og kapasitet innan økonomifeltet for å kunna hjelpa brukarane til å ta vare på eigen økonomi. Rettleiing til ungdom kan bidra til førebygging av økonomiske problem seinare i livet. Førebyggjande arbeid er vesentleg, og lova sitt føremål er å førebyggje sosiale problem. Det må vera låg terskel for å ta kontakt med sosialtenesta. Det bør samstundes stimulerast til tiltak som kan førebyggja sosiale problem. Tiltak som "Foreldrenettverk" og "Tverrfagleg Rusførebyggjande arbeid" er aktuelle for heradet.

## **MÅL OG STRATEGIAR – SOSIAL BISTAND**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ fremja økonomisk og sosial tryggleik for vanskelegstilte
- ✓ arbeida for at menneske skal få eit godt og verdig liv med oppleving av meistring, gjennom å nytta eigne ressursar og koma inn i meningsfullt arbeid/aktivitet
- ✓ leggja til rette for samarbeid mellom brukar og tenesteytar (NAV)

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ ha eit aktivt samarbeid med NAV og andre relevante aktørar
- ✓ vurderer trongen for brukarundersøkingar
- ✓ prioritera å setja inn gode førebyggjande tiltak for aktuelle brukarar
- ✓ arbeida for å få tilgang til bustader til dei som ikkje er stand til å skaffa seg bustad sjølv

## **TEKNISKE TENESTER**

### **Plan og bygningsmyndighet**

Ulvik herad skal sikra ei berekraftig og god forvaltning og bruk av areal innafør kommunegrensene. Heradet skal sikra gode bumiljø og at bygg og anlegg er av god kvalitet. For å oppnå dette er det viktig å ta omsyn til kvalitet, helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og estetikk. Dette kan gjerast ved å leggja til rette for tomter og ha gode byggjesaksprosessar. Elles må ein ivareta alle sine interesser og sikra høg kompetanse hjå aktørane i byggje- og anleggsverksemdene. Tilrettelegginga av digitale plan- og kartdata for allmenn bruk i sakshandsaminga, er med på å bidra til dette.

Det er lagt opp til registrering og tilstandsvurdering av kommunale vegar. Dette vert omtala i kapitlet om samferdsle. (*side 33*)

### **Vassforsyning**

Heradet skal sikra ei framtidig god, sikker og tilfredsstillande vassforsyning. Føringer for å oppfylla desse vilkåra er skisserte i kommunedelplan for vatn, avløp og miljø (2008). Trygg vassforsyning er grunnleggjande for etablering og utvikling av nye område for bustader, fritidsbustader og industri. Samtidig er det viktig å løysa avløpstekniske utfordringar i høve til ytre miljø og kostnadseffektivitet. For at heradet skal kunna handtera/løysa dei lokale forureiningsproblema på ein forsvarleg måte, krev det planlegging og strategitenking. Det er naturleg at kommunedelplanen for vatn, avløp og miljø vert førande for heradet sine utfordringar på dette feltet.

## **MÅL OG STRATEGIAR – TEKNISKE TENESTER**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ ha ei god og effektiv arealbruks- og byggjesakshandsaming i heradet
- ✓ ha effektiv vegdrift og tilfredsstillande vegtilbod for alle trafikantgrupper og stader i heradet. Sikra framkommelege vegar med god tryggleik for alle trafikantar.
- ✓ ha sikker og god vassforsyning med godt vatn
- ✓ leggja til rette for ei effektiv avfallshandtering

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- gjennomføra demokratiske prosessar for arealbruk, samt sørgja for tilstrekkeleg kompetanse både hjå utbyggarar og i heradet si forvaltning
- forvalta og oppgradera vegar til standardar som er vedtekne i Trafikksikringsplanen (...)
- sikra at vatn i det kommunale leidningsnettet skal tilfredsstillast gjeldande krav til drikkevatt
- arbeida for gode brukarvennlege løysingar for avfallshandtering

## LANDBRUK

Landbrukskontoret utøvar landbrukspolitikken gjennom forvaltning av lovverk, ressursar og næringsutvikling. Naturgjevne kvalitetar er grunnlaget for framtida til heradet. Ulvik herad skal målbera levande bygder, kulturlandskap og arbeidsplassar for innbyggjarar og tilreisande til heradet.

Gjennom heradet sine planar skal det stimulerast til at landbruket kan oppretthalda sitt produksjonsomfang innan tradisjonelt landbruk. Det skal òg leggjast til rette for

utvikling av tilleggsnæringar innan landbruket. Heradet skal ha ei positiv haldning til frådelling av landbruksareal som ledd i endra struktur innan landbruksnæringa.



Eit av Ulvik sine utallige landbruksprodukt

Utvikling i områda knytt til sentrum og ynskje om bustadbygging i Landbruks-, natur-, og friluftsområde (LNF) medfører i mange tilfelle press på omdisponering av dyrka mark av høg kvalitet. Ulvik herad skal ha ei restriktiv haldning til omdisponering av dyrka mark. Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, skal ein finna område utanfor dyrka mark, som er eigna for utbygging. Det skal stillast høge krav til utnytting av areal som skal omdisponerast til byggjeområde.

Det er eit viktig mål å oppretthalda Ulvik sitt verdfulle kulturlandskap og motverka attgroing. Ulvik herad skal vera pådrivar for at dyrka mark og beite ikkje vert tatt ut av bruk. Heradet skal ha ei positiv haldning til bruksendring av bygg som ikkje lenger vert nytta til landbruk på landbrukseigedom, og stilla krav til utforming og plassering av nye bygg i LNF-områda.

Bruk av bioenergi har stort potensial i Ulvik, og landbruket er ein viktig samarbeidspartnar. Dette skjer gjennom produksjon av råstoff og næringsutvikling basert på bioenergi som tilleggsnæring i landbruket. Heradet må ta på seg rolla som pådrivar i høve til næringsutvikling med basis i bioenergi. Det vart hausten 2009 starta opp eit prosjekt for å sjå på Ulvik herad sine moglegheiter innan bioenergi og eventuelle fjernvarmeanlegg. Dette er ei næring i vekst, og ei miljøvennleg energiform.

Ulvik herad vil formidla informasjon og gje god etablerarretteiing for å stimulera til alternativ nytting av garden sine ressursar. Heradet skal bidra til informasjon og marknadsføring. I tillegg er det viktig at gardbrukarar som er villige til å satsa alternativt, får tilgang til tilskot og risikovillig kapital.

## **MÅL OG STRATEGIAR – LANDBRUK**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ bidra til at produksjonen innan tradisjonelt landbruk opprettheld sin relative del av den totale produksjonen i heradet.
- ✓ bidra til at sysselsetjinga innan landbruket vert oppretthalden – viktige hjelpemiddel er næringsutvikling og omstilling
- ✓ bidra til auka bruk av bioenergi
- ✓ bidra til å avgrensa forureininga frå landbruket
- ✓ bidra til ei heilskapeleg forvaltning av verdiane i kulturlandskapet

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ gjennom ei restriktiv haldning til omdisponering i større samanhengjande landbruksområde, sikra landbruksareala som produksjonsfaktor og leggja til rette for tradisjonell landbruksproduksjon
- ✓ ha ei positiv haldning til nye landbruksbygg og rasjonaliseringstiltak som bidreg til styrking av primærproduksjonen
- ✓ medverka til utvikling av tilleggsnæringar basert på landbruket sine egne ressursar, inkludert bruksendring av bygningar på landbrukseigedommar
- ✓ medverka til etablerarretteiing som kan stimulera til at fleire vurderer tilleggsnæring
- ✓ stimulera til oppretthalding av kulturlandskapet gjennom aktiv bruk
- ✓ medverka til kunnskap om dei biologiske og kulturhistoriske verdiane som finst i heradet sine landbruksområde
- ✓ gjennom aktiv dialog med landbruket, medverka til å redusera forureininga frå landbruksområde
- ✓ arbeida for å leggja til rette for bruk av bioenergi som varmekjelde i sentrumsområda, industri og kommunale bygg

## **BRANN- OG REDNINGSTENESTE**

Brann- og redningstenesta skal vera tilgjengeleg for innbyggjarane i regionen som ein moderne og fagleg oppdatert redningsetat. Ei effektiv brann- og redningsteneste byggjer på samordning av utstyr og fagmiljø, og på utvikling av kompetanse for brannmannskapa. Det skal gjennomførast brannførebyggjande tiltak, gjevast informasjon og førast tilsyn for i størst mogleg grad førebyggja og avgrensa brannskadar.

For brann- og redningstenesta er det særst viktig å vera førebudd på nye og endra utfordringar. Samfunns- og klimaendringar vil kunne medføra framtidige hendingar av større omfang og kompleksitet enn tidlegare. Å vera godt førebudd til å takla større hendingar, vil krevja samhandling og samarbeid mellom ulike naudetatar i større grad enn tidlegare. Ulvik herad har samarbeid med Granvin herad og Eidfjord kommune om felles brannsjef. Det er i alle tre kommunar brannstasjon med tilhøyrande personell og utstyr.

## **MÅL OG STRATEGIAR - BRANN- OG REDNINGSTENESTE**

### ***MÅL - VI VIL:***

- ✓ ha ei rasjonell og oppdatert brann- og redningsteneste, som byggjer på regionalt samarbeid, for på best mogleg måte nytta ressursane innan regionen
- ✓ ha spesielt fokus på førebyggjande arbeid og tilsyn innan område som statistisk sett er mest risikoutsett i høve til brannskadar
- ✓ gjennomføra haldningskampanjar, opplæring og informasjonsarbeid for heile regionen sine innbyggjarar
- ✓ avklara om det er mogleg å etablera felles redningssentral i regionen – med samlokalisering av fleire naudetatar – for å nytta ressursar og kompetanse betre, på tvers av fagområde og kommunegrenser

### ***STRATEGIAR – FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ leggja til rette for opplæring og skulering av eige mannskap, i samsvar med eigen opplæringsplan og kompetansekrav
- ✓ utvikla mannskapet sin kompetanse og motivasjon for å gjennomføra opplæring og informasjonsarbeid – med spesiell fokus på eldre og uføre som bur i eigen bustad
- ✓ arbeida for å etablera ei felles regional brann- og redningsteneste, og vurderer høvet til å gå inn i samarbeid mellom større regionar.

# ORGANISASJONEN VÅR...HERADET SOM ORGANISASJON

## Service og tenesteorganisasjon

Norske kommunar vart oppretta i 1830-åra for å løysa fellesoppgåver i samfunnet. Vilråa for å løysa fellesoppgåvene har endra seg svært mykje sidan den gong. Det grunnleggjande målet er likevel det same; å løysa felles oppgåver. Ulvik herad skal ha høgt fokus på at organisasjonen skal tena fellesskapet og arbeida aktivt for å vera ein organisasjon som yter tenester av høg kvalitet.

Det kan vera ein utfordrande balansegang mellom det å verta oppfatta som ein organisasjon med høg serviceinnstilling og samstundes fylla rolla som lovforvaltar. Det er likevel inga reell motsetnad mellom desse tilhøva.

## Etikk, haldning og omdømme

For å kunna fylla rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltingsmyndigheit og arbeidsgjevar, er det ein føresetnad at det skjer på grunnlag av etiske bevisste haldningar. Heradet som organisasjon forvaltar fellesskapet sine ressursar, og det er viktig at dette skjer på ein slik måte at ålmenta har innsyn og tillit til at avgjerder vert fatta på nøytralt grunnlag.

## Informasjon og kommunikasjon

I fylgje Kommunelova § 4 skal ”kommuner og fylkeskommuner drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltningen”.

Det vert lagt opp til at heradet utarbeider ein plan for prinsipp, mål og strategiar for informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, og med dette tydeliggjer korleis heradet oppfyllar lova sin intensjon.

Innbyggjarane skal oppleve Ulvik herad sin kommunikasjon som heilskapeleg, tydeleg og sikker. Informasjon og kommunikasjon må tilpassast ulike målgrupper gjennom ei bevisst utforming av budskap og val av informasjonskanalar. Dette inneber fyrst og fremst å utforma informasjonen på ein presis og lett forståeleg måte. Val av informasjonskanalar må gjerast ut frå omsynet til at informasjon om heradet sine tenester, skal vera lett tilgjengelege og gje offentlig innsyn i sakshandsaminga.

Tenestetorget, heradet sine nettsider og lokalpressa er i dag dei viktigaste kanalane for den allmenne kommunikasjonen med innbyggjarane. Heradet sine eigne informasjonskanalar må utviklast vidare med fokus på digital samhandling med innbyggjarane. I dette arbeidet er det viktig å nytta potensialet for å effektivisera sakshandsaminga.

For å setja heradet sin kommunikasjonsstrategi ut i livet, er det naudsynt å sikra kompetanse og interne system for planlegging og gjennomføring av dagleg kommunikasjon internt og eksternt. Samstundes må ein ha beredskap for å handtera kommunikasjon i vanskelege saker og i kriser.

**Rekruttera og behalda kompetanse**

For å løysa framtida si utfordring på ein best mogleg måte, er det særskild viktig at heradsorganisasjonen har nødvendig kompetanse og kapasitet. Dette er òg viktig for at heradet skal kunna yta tenester av god kvalitet og gjennomføra forvaltingsoppgåvene på ein effektiv og korrekt måte. For å oppnå dette, må heradet arbeida bevisst og strategisk med rekruttering og kompetanseutvikling.



Sentrumsbygget

Foto: Ulvik herad

Endringskompetanse i heradet som organisasjon vil vera nødvendig for å møte og handtera alle nye utfordringar på ein løysingorientert måte. Det vil vera eit kontinuerleg behov for dialog med innbyggjarane. Som fylgje av dette vil fokus på relasjonskompetanse verta sterkare dei komande åra. Gode resultat på desse områda vil vera av verdi for korleis heradet handterer framtidige utfordringar, og for om heradet står fram som ein attraktiv arbeidsplass.

For Ulvik herad er det eit mål å vera ein attraktiv arbeidsgjevar gjennom å tilby arbeidstakarar ein konkurransedyktig kombinasjon av fagmiljø, arbeidsoppgåver, arbeidsvilkår, arbeidsmiljø, arbeidsordningar og kompetanseutvikling.

Det bør vurderast å gjera ein systematisk gjennomgang av korleis Ulvik herad i framtida kan stå fram som ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsplass på alle nivå.

**Velferdssystem basert på rettar**

Delar av velferdssystemet er basert på rettar. I eit slikt system er det viktig å definera rett nivå på tenestene. Tenestene skal vera av tilstrekkeleg god kvalitet – samstundes som heradet og innbyggjarane må leva med at krav og forventingar ikkje alltid kan verta innfridde med dei ressursrammene som vert lagt til grunn for tenesteytinga.

Ulvik herad utarbeider seviceerklæringar for dei ulike einingane. Desse gjer greie for kva for forventingar brukarane kan ha til ei eining. Det er likevel viktig å prøva å få ei felles forståing mellom tenesteytar og mottakar om innhaldet i tenestene.

Ulvik herad må arbeida for å utvikla gode modellar og verky for å definera riktig tenestenivå og gode rutinar for å informera brukarane av tenestene. Det vil vera ein fordel å utarbeida eit samordna system på tvers av tenesteområda.

**Økonomi**

Heradet skal over tid bidra til høgast mogleg velferd for innbyggjarane. Det er viktig at den økonomiske forvaltninga skjer med basis i ein berekraftig økonomi, og at ressursbruken i dag ikkje trugar velferda til innbyggjarane i framtida.

Stabil økonomi er ein viktig føresetnad for kvalitet i dei tenestene heradet gjev til innbyggjarane. Framtidige investeringsbehov krev ein jamn og god budsjettdisiplin, og at det vert avsett nok midlar gjennom dei årlege budsjetta.

Netto driftsresultat er eit mål på heradet sin handlefridom. Det er frå Kommunal- og regionaldepartementet si side antyda at netto driftsresultat bør vera på 3 -5 prosent av driftsinntektene for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat har vore positivt, men har variert gjennom dei 5 siste åra.

## **MÅL OG STRATEGIAR – HERADSORGANISASJONEN**

### ***MÅL – VI VIL:***

- ✓ gje god service til heradet sine innbyggjarar og arbeida for at innbyggjarar og tilsette i heradet skal oppleva Ulvik herad som ein serviceinnstilt organisasjon
- ✓ at Ulvik herad skal vera kjenneteikna av openheit og høgt etisk medvit. At tenesteyting og handlingar på vegne av fellesskapet, skal skje med basis i anerkjende etiske prinsipp og haldningar.
- ✓ At det vert skapt tillit og eit godt omdøme
- ✓ at Ulvik herad skal vera ein tidsmessig og effektiv organisasjon
- ✓ at Ulvik herad sin kommunikasjon skal vera heilskapeleg, føreseieleg og tydeleg
- ✓ ha ein organisasjon med nødvendig kompetanse og kapasitet til å løysa oppgåvene på ein god måte
- ✓ ha tydelege mål for nivå og kvalitet på heradet sine tenester
- ✓ gjennom økonomisk forvaltning sikra ein berekraftig økonomi for heradet
- ✓ arbeida for eit driftsresultat på 3 prosent

### ***STRATEGIAR - FOR Å NÅ MÅLA SKAL VI:***

- ✓ utarbeida enkle retningslinjer for god servicepraksis overfor innbyggjarane
- ✓ leggja vekt på etiske retningslinjer, gode arbeidsrutinar, openheit og aktivt haldningsarbeid i organisasjonen.
- ✓ ta i bruk framtidsretta teknologi for modernisering og effektivisering, og fornya og endra organisasjonen i takt med teknologiske moglegheiter og framtidige utfordringar
- ✓ kommunisera heradet sine tenester på ein forståeleg måte, og leggja til rette for informasjon gjennom medvitne val av kommunikasjonskanalar
- ✓ arbeida for at Ulvik herad skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar - gjennom fokus på leiing, arbeidsmiljø, kompetanseutvikling, aktiv arbeidsgjevarpolitikk og ei god livsfaseorientering
- ✓ utarbeida eit heilskapeleg system for informasjon om nivå og kvalitet på tenester og bruk av serviceerklæringar, for å avklara forventingar mellom herad og brukar
- ✓ sørgja for at den økonomiske forvaltninga skal skje med basis i formuebevaringsprinsippet, ved at heradet ikkje aukar eller opprettheld drifta gjennom å byggja ned formuen
- ✓ praktisera nøktern og langsiktig budsjettdisiplin



# FRAMTIDA VÅR... KOMMUNAL PLANSTRATEGI

## Samanhengjande plansystem

For at heradet sitt plansystem skal bli eit godt styringsverktøy, må planar på ulike nivå stå i gjensidig forhold til kvarandre. Styringssignal frå kommuneplanen sin samfunnsdel skal brukast aktivt i heradet si planlegging og vera retningsgjevande for planar som vert utarbeidd på lågare nivå i plansystemet. Det er spesielt viktig å etablera ein nær samheng mellom kommuneplanen og budsjett- og økonomiplanen. Tilsvarende må det vera ein nær samheng mellom dei langsiktige måla i kommuneplanen og dei meir handlingsorienterte måla i økonomiplanen.

Det kommunale plansystemet skal òg ta omsyn til signal frå fylkesplanar og fylkesdelplanar.

## Planstrategi

Kvart år skal det førast ei komplett oversikt over gjeldande planar i Ulvik herad. I denne oversikta skal alle planar inngå, unntatt reguleringsplanar. Planoversikta skal verta lagt fram for formannskapet/heradsstyret. Fyrste året i kvar heradsstyreperiode inngår planoversikta i kommuneplanmeldinga.

Oversikt over gjeldande reguleringsplanar skal ajourførast årleg i eiga oversikt, i samsvar med rutinar som vil verta innarbeidd i kommuneplanens arealdel.

For alle andre planar enn kommuneplanen, skal det minst kvart fjerde år verta utarbeidd ein enkel statusrapport. Det skal då vera med ei tilråding om planen skal reviderast, verta erstatta av ein annan eller ny plan, eller verta innarbeidd i ein annan eksisterande plan. Statusrapport vert sendt til rådmannen.

Dersom ein plan går ut over vedteken gyldigheitsperiode utan å ha vorte revidert, skal det verta rapportert til rådmannen. Rapporten skal innehalda ei enkel forklaring på status og kvifor planen er utgått. I tillegg skal rapporten ha ei vurdering av om planen bør verta revidert, erstatta av ein ny plan eller verta innarbeidd i ein annan eksisterande plan.

I heradet sitt planarbeid skal det fortløpande verta vurdert om det er planar som bør opphøyra, verta erstatta av ein ny plan eller verta innarbeidd i ein annan eksisterande plan. Det skal leggjast vekt på å utarbeida planar på ein måte som gjer dokumenta mest mogleg tilgjengeleg. I språk, struktur, kompleksitet og presentasjon skal det verta lagt vekt på at planen er lett å forstå, og at den har god kvalitet. Det skal verta vurdert å utarbeida ein planmal.

## Kommuneplanmelding

I løpet av det fyrste og tredje året i kvar heradsstyreperiode skal det utarbeidast ei kommuneplanmelding for kommuneplanen sin **samfunnsdel**. I løpet av andre og fjerde året i heradsstyreperioden skal det verta utarbeidd kommuneplanmelding for kommuneplanen sin **arealdel**.

Kommuneplanmelding – samfunnsdelen (KPL-SF), som vert utarbeidd fyrste året i kommuneplanperioden, skal òg innehalda ei samla oversikt over gjeldande planar i heradet. Dette omfattar både politisk og administrativt vedtekne planar, men ikkje reguleringsplanar.

Kommuneplanmeldinga skal òg visa ei oversikt over nye planar som er under utarbeiding eller planar under revisjon. Kommuneplanmeldinga kan føreslå å utarbeida nye kommunedelplanar eller temaplanar som ikkje direkte er knytt til arealforvaltning. Kommuneplanmelding – arealdelen (KPL-A), som vert utarbeidd andre året i kommuneplanperioden, skal òg innehalda ei samla oversikt over gjeldande reguleringsplanar i heradet. Den skal òg visa ei oversikt over nye planar under utarbeiding eller planar under revisjon. Kommuneplanmeldinga kan føreslå å utarbeida nye område-/kommunedelplanar, eller temaplanar knytt til arealforvaltninga.

Kommuneplanmeldingane som vert utarbeidde tredje (KPL-SF) og fjerde (KPL-A) året, skal vera mindre omfattande. Dei skal primært gjera greie for relevante endringar sidan førre kommuneplanmelding og fremja ei tilråding til om kommuneplanen skal reviderast.

Dersom kommuneplanen er under revisjon i den perioden kommuneplanmeldinga skal utarbeidast, skal det ikkje verta utarbeidd melding for den delen av kommuneplanen som vert revidert.

Systemet for kommuneplanmelding *kan* skjematisk verta framstilt som følgjer:

<u>HST-periode</u>	<u>KPL-SF.del</u>	<u>KPL-A.del</u>	<u>Nivå</u>	<u>Mandat</u>
<b>1.år</b>	KPL-SF-melding med planoversikt		Total gjennomgang av KPL-SF	Justering KPL /vedtak av nye planar
<b>2.år</b>		KPL-A- melding med reg.planoversikt	Total gjennomgang av KPL-A	Justering KPL/ vedtak av nye kommunedelplanar
<b>3.år</b>	KPL-SF melding		Endringar frå førre KPL-SF-melding	Vedtak om rullering av KPL-SF
<b>4.år</b>		KPL-A melding	Endringar frå førre KPL-A-melding	Vedtak om rullering av KPL-A

### Planprosessar

Alle planar som vert vedtekne politisk, skal utarbeidast gjennom prosessar som legg til rette for medverknad frå heradet sine innbyggjarar. Planprosessen vert organisert slik at organisasjonar, brukargrupper, born og unge og særskilde grupper får høve til å delta. For planar som vert utarbeidd administrativt, skal det òg verta vurdert korleis medverknad frå innbyggjarane kan gjennomførast. Det skal leggjast spesiell vekt på høve til brukarmedverknad. Før planarbeid vert sett i gang, skal det verta gjort ei enkel kost/nyttevurdering.

Alle offentlege versjonar av Ulvik herad sine planar skal vera tilgjengelege på internett i ei samla oversikt og i eit ålment tilgjengeleg format (portable document format – pdf).

# VÅR FELLES ARV... AREALFORVALTING

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld ikkje juridiske vedtak kring arealforvalting. Desse finst i kommuneplanen sin arealdel, med kart og tilhøyrande føresegner. Det skal vera ein tydeleg samanheng mellom overordna prinsipp for arealforvaltinga i samfunnsdelen og kart og føresegner i arealdelen.

Dette plandokumentet legg ei rekkje føringar som får innverknad på arealforvaltinga. Tema som kan sjåast i samanheng med spørsmål om utbyggingsområde, er mellom anna folketalsutviklinga, busetnadsmønster, stadsutvikling, klima og miljøutfordringar, helseutfordringar, næringsutvikling og omsynet til jordvern.

## OVERORDNA OMSYN

### Statlege planretningslinjer for samordna areal og transportplanlegging

Statlege planretningslinjer nedfeller nasjonale føringar for arealforvaltinga og legg særleg vekt på ei heilskapeleg utvikling. Utviklinga tek omsyn til samfunnsøkonomisk ressursutnytting, miljø, vern, tryggleik, transport, helse og regional utvikling.

### Jordvern

Jordvern er eit forsterka område dei siste åra, og det er sett som nasjonalt mål at avgangen av dyrka mark skal verta halvert innan 2010. Fylkesmannen i Hordaland har utarbeidd eigen jordvernstrategi som stiller følgjande krav til kommunane.

- effektiv arealutnytting innanfor byggesonar for å redusera trongen for omdisponering av LNF-område
- gamle areal skal verta utnytta før nye vert tekne i bruk. Rekkjefølgjeføresegner.
- høg utnytting dersom det vert omdisponert jordbruksareal og areal i tettstader
- det skal takast omsyn til jordressursar og kulturlandskap ved val av utbyggingsområde
- i sentrumsnære område skal det ikkje vera spreidd bustadbygging
- klare og langsiktige grenser mellom bustadområde og LNF-område
- kommunane synleggjer omsynet til jordressursar og kulturlandskap i kommuneplanen.

Fylkesmannen sin jordvernstrategi stiller strengare krav til dei kommunale planprosessane i høve til omdisponering av dyrka og dyrkbar mark.

### Føringar i plandokumentet

Kommuneplanen sin arealdel bør utarbeidast slik at arealdisponeringar byggjer opp under dei målsetjingane som er nedfelte i samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg vekt på at bustadpolitikk kan nyttast som eit verkemiddel for å nå ynskja om auka folketal i planperioden. Den legg opp til sterkare utvikling knytt til sentrumsområda og peiker på behovet for eit variert bustadtilbod. Planen legg òg opp til ei positiv utvikling i grendene.

Det skal leggjast vekt på å få eit utbyggingsmønster som legg til rette for å redusera klimautslepp, redusera trongen for biltransport og fremja god helse for befolkninga.

### Andre viktige moment

Ulvik herad forvaltar fleire område med nasjonal og regional verdi, og område freda etter naturvernlova. Arealforvaltinga skal førast på ein slik måte at omsynet til kvalitetane i kulturlandskapa og friluftsområda vert ivaretekne, og at det vert lagt særleg vekt på berekraftig utvikling i slike område.

Ulvik herad vil arbeida for ei samordning av kollektivtilbod over kommune- og fylkesgrensene for å få eit godt tilbod for innbyggjarane i heradet.

## **FRAMTIDIGE BUSTADOMRÅDE**

Ved val av nye bustadområde i Ulvik herad, skal det leggjast vekt på høve til bruk av alternativ energiforsyning, kvalitet på infrastruktur, trafikksikring, universell utforming og trivsels- og aktivitetsfremjande bustadmiljø.

Ein bør prøva å oppnå konsentrerte buområde, som sikrar god arealutnytting og byggjer opp under eksisterande infrastruktur. Ein må ta omsyn til kapasitet på kommunale tenester og trongen for teknisk infrastruktur.

Bustadbygging og avsetting av buområde samt LNF - område i grendene, bør lokaliserast på ein slik måte at dei byggjer opp under den eksisterande strukturen i området.

I arealplanen bør det peikast på område der fortetting kan styrka den etablerte busettinga i området.

Utbygging i sentrumsområda bør styrast av eigne planar for desse områda. Nye utbyggingsområde knytt til sentrumsområdet er avgrensa, men må i den grad det er mogleg lokaliserast på ein slik måte at det er gode høve til å gå eller sykla til sentrumsområda og kollektivknutepunkt.

Plandokumentet legg opp til at sterkare utvikling i sentrumsområdet, med vidare utbygging av handels- og servicetilbod og fleire urbane kvalitetar, vil bidra positivt til at Ulvik herad skal vera ein attraktiv kommune å bu i, og ikkje minst å flytta til.

Etter utarbeidinga av førre arealplan har det vist seg at nokre av tomtene som vart avsette til bustadformål, ikkje har blitt realiserte. Ved utarbeiding av ny arealdel, bør det leggjast vekt på om det er realistisk å rekna med at utbyggingsområda vert realiserte.

### **Framtidige industriområde**

Ei stor utfordring for heradet i arealforvaltinga er tilgang på ledig industriareal. Det er samstundes klart at det er bruks- og utviklingsmoglegheiter i eksisterande industriområde.

Nye samferdsleløyisingar vil aktualisera spørsmålet om samarbeid på tvers av kommunegrensar i samband med etablering av nye nærings- og industriareal

Detaljhandel skal primært lokalisert til Ulvik sentrum – Brakanesområdet.

Andre typar serviceytande næringsverksemd utan trong for omfattande produksjonslokale, bør primært lokalisert til sentrumsområda / Brakanesområdet / Ulvikpollen.

I samband med utarbeiding av ny næringsplan, bør det vurderast å etablera ein strategi som tek sikte på å realisera næringsklyngjer i bestemte område.

### **Framtidige område for fritidsbustader**

Ulvik herad har store naturområde, både ved fjorden og på høgfjellet. Dette medfører ei differensiering mellom ulike område for hyttebygging, med omsyn til storleik, standard og teknisk infrastruktur. I vurderinga av nye område for hytte- og fritidsbustadbygging, skal ein leggja vekt på å ta vare på dei store samanhengjande natur- og friluftsområda.

Ein skal vurderer alternativ oppvarming i framtidige utbyggingsfelt for fritidsbustader/hytter.

Ved utbygging av område for fritidsbustader/hytter må heradet medverke til at det vert etablert eit samarbeid mellom aktuelle grunneigarar, med sikte på ei rimeleg fordeling av fordelar og ulemper.

Ved utbygging av nye hytteområde og fortetting av eksisterande område, skal det leggjast vekt på at utbygginga ikkje skal vera til hinder eller ulempe for ålmenta.

